




DET KONGELEGE  
FINANSDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 3

(2000–2001)

---

Statsrekneskapen medrekna  
folketrygda for 2000






DET KONGELEGE  
FINANSDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 3

(2000-2001)

---

Statsrekneskapen medrekna  
folketrygda for 2000





## Innhald

<b>1</b>	<b>Hovudtrekk i finanspolitikken</b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>Folketrygda for 2000</b> .....	<b>20</b>
1.1	Innleiing .....	5			
1.2	Budsjettpolitikken .....	6	<b>5</b>	<b>Finanspostar og</b>	
1.3	Endring i løyvingane fram til nysaldert budsjett .....	7	5.1	<b>kapitalrekneskapen</b> .....	24
1.4	Hovudtala i statsrekneskapen for 2000 samanlikna med anslag på rekneskap ved nysalderinga av budsjettet .....	8	5.2	Finansinntekter og finansutgifter .	24
1.5	Statens petroleumsfond .....	10	5.3	Statens balansekonto .....	24
			5.4	Garantiar .....	24
				Offentlege fond under forvaltning av Finansdepartementet .....	24
<b>2</b>	<b>Utval av inntekter og utgifter ..</b>	<b>11</b>	<b>6</b>	<b>Statens petroleumsfond</b> .....	<b>26</b>
2.1	Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg .....	11			
2.2	Skattar og avgifter frå petroleumsverksemda .....	11			
2.3	Inntekter frå Statens direkte deltaking i petroleumsverksemda .....	11			
2.4	Totaloversikt over utgiftene .....	11			
<b>3</b>	<b>Omtale av særskilte område ...</b>	<b>14</b>			
3.1	Internasjonal bistand .....	14			
3.2	Oppfølging av handlingsplan for eldreomsorga .....	15	<b>3</b>	<b>Statens kapitalrekneskap</b> .....	202
3.3	Oppfølging av psykiatriplanen, kreftplanen og plan for nyinvestering ved sjukehusa .....	15		Eiendeler .....	202
3.4	Behandlingsaktivitet ved sjukehusa gjennom innsatsstyrt finansiering og telemedisin .....	16		Forpliktelser .....	209
3.5	Satsing på forskning og utdanning .....	17	4	Noter og spesifikasjonar .....	213
3.6	Utviding av barnetrygd og fødsels- og adopsjonspengar for fedre .....	18	5	Spesifikasjon av offentlege fond .	216
				Statens aksjeinteresser .....	220
				Statens inntektskrav .....	229
				Statens garantiansvar .....	231
				Andre rekneskap og spesifikasjonar .....	236
				Svalbardrekneskapen .....	236
				Statsbedriftenes balansekonti .....	238

## Tabelloversikt

Tabell 1.1 Inntekter og utgifter utanom lånetransaksjonar på statsbudsjettet og Statens petroleumsfond .....	6	Tabell 2.2 Samla utgifter etter departement 1996-2000 .....	13
Tabell 1.2 Lånetransaksjonar og finansieringsbehov .....	6	Tabell 3.1 Programområde 3 : Internasjonal hjelp .....	14
Tabell 1.3 Inntekter og utgifter utanom lånetransaksjonar på statsbudsjettet og Statens petroleumsfond 2000 .....	7	Tabell 3.2 Utbetalingane til utviklingshjelp og overførde beløp for perioden 1990 - 2000 .....	15
Tabell 1.4 Lånetransaksjonar og finansieringsbehov 2000 .....	7	Tabell 5.1 Renter .....	24
Tabell 2.1 Statens inntekter 1996 - 2000 ....	12	Tabell 5.2 Statens eignelutar og gjeld .....	25
		Tabell 5.3 Statens totale garantiansvar per 31.12.00 .....	25
		Tabell 6.1 Balanse for Statens petroleumsfond .....	28

Tabell 6.2	Resultatrekneskap for Statens petroleumfond .....	29	Tabell 3.4	Note til kapitalrekneskapens konto 76 og 80, utlandsk statsgjeld per 31. desember 2000 gruppert etter valutaslag .....	214
<b>Vedlegg 1</b>			Tabell 3.5	Note til kapitalrekneskapens konto 80, bevegelse i statsgjelden	215
Tabell 1.1	Løyvingsrekneskapen for budsjett-terminen 2000 .....	32	Tabell 3.6	Note til kapitalrekneskapens konto 80, spesifikasjon av kontolån til statskassen per 31. desember 2000 .....	215
Tabell 1.2	Løyvingar og rekneskap 2000 ....	34	Tabell 3.7	Offentlege fond under Finansdepartementet si forvaltning konto 8, vinnings- og tapskonto per 31. desember 2000	216
Tabell 1.3	Løyvingsrekneskapen for 1999-2000 .....	36	Tabell 3.8	Balansekonto offentlege fond per 31. desember 2000 .....	218
Tabell 1.4	Oversikt over løyvingsrekneskapens hovudgrupper for 1996-2000 .....	38	Tabell 3.9	Fonda sine innestående i statskassa per 31. desember 2000	219
Tabell 1.5	Løyvingsrekneskapens totalutgifter og overførte løyvingar i 2000 fordelt på utgiftsgrupper .....	39	Tabell 3.10	Oversikt over statens aksjeinteresser per 31. desember 2000 .....	220
Tabell 1.6	Løyvingane 2000 fordelt etter departement og grupper av postnummer .....	40	Tabell 3.11	Statens inntektskrav vedk. skattar og avgifter .....	229
Tabell 1.7	Rekneskap 2000 fordelt etter departement og grupper av postnummer .....	41	<b>Vedlegg 4</b>		
Tabell 1.8	Løyvingar og rekneskap 2000 fordelt etter art på programområde .....	42	Tabell 4.1	Garantiansvar .....	231
Tabell 1.9	Statens balansekonto .....	43	Tabell 4.2	Garantier stillet av staten 31. desember 2000 .....	232
Tabell 1.10	Note til Statens balansekonto, avslutningskonto for statsrekneskapen konto 99.00.00. ....	43	<b>Vedlegg 5</b>		
Tabell 1.11	Note til endringar i avslutningskonto 99.00.00, spesifikasjon av forskyvingar i balansen .....	44	Tabell 5.1	Svalbardrekneskapen. Administrasjon av Svalbard 2000	236
<b>Vedlegg 2</b>			Tabell 5.2	Svalbardrekneskapen. Balansekonto per 31. desember 2000 .....	237
Tabell 2.1	Statens løyvingsrekneskap, utgifter .....	46	Tabell 5.3	Svalbardrekneskapen. Note til balansekonto, behaldningsendringar 2000 .....	237
Tabell 2.2	Statens løyvingsrekneskap, inntekter .....	131	Tabell 5.4	Statsbygg. Balanse per 31. desember 2000 .....	238
Tabell 2.3	Fullmakt til å overskride gitte løyvingar i 2000 .....	176	Tabell 5.5	Statens kartverk. Balanse per 31. desember 2000 .....	238
Tabell 2.4	Tilsegningsfullmakter per 31. desember 2000 .....	195	Tabell 5.6	Luftfartsverket. Balanse per 31. desember 2000 .....	239
Tabell 2.5	Tingingsfullmakter per 31. desember 2000 .....	200	Tabell 5.7	Rikshospitalets apotek. Balanse per 31. desember 2000 .....	239
<b>Vedlegg 3</b>			Tabell 5.8	Radiumhospitalets apotek. Balanse per 31. desember 2000 .	240
Tabell 3.1	Statens kapitalrekneskap .....	202	Tabell 5.9	Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten. Balanse per 31. desember 2000 .	240
Tabell 3.2	Note til kapitalrekneskapens konto 68, spesifikasjon Statens faste kapital i statsbedriftene ....	213			
Tabell 3.3	Note til kapitalrekneskapens konto 76, valutabyte .....	214			



DET KONGELEGE  
FINANSDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 3

(2000-2001)

## Statsrekneskapen medrekna folketrygda for 2000

*Tilråding frå Finansdepartementet av 27. april 2001,  
godkjend i statsråd same dagen.*

### 1 Hovudtrekk i finanspolitikken

#### 1.1 Innleiing

Finansdepartementet legg med dette fram meldinga om statsrekneskapen medrekna folketrygda for 2000.

Dei samla inntektene i statsrekneskapen for 2000 var 643,6 mrd. kroner medan utgiftene var på 490,2 mrd. kroner. Statsbudsjettet sine netto inntekter frå petroleumsverksemda var på 161,4 mrd. kroner. Statsrekneskapen syner dermed eit oljekorrigert underskot på 7,9 mrd. kroner. Det vart i samband med nysalderinga av budsjettet for 2000 vedteke at 9,5 mrd. kroner av petroleumsinntektene skulle inntektsførast på statsbudsjettet. Statsrekneskapen vert dermed gjort opp med eit overskot på 1,5 mrd. kroner. Den attverande delen av petroleumsinntektene på 151,9 mrd. kroner vart avsett i Statens petroleumsfond.

I denne meldinga vert det òg gjort greie for inntektene og utgiftene til Statens petroleumsfond. Forutan overføringa frå statsrekneskapen viser rekneskapen for fondet 10,9 mrd. kroner i renteinntekter og utbytte. Statens petroleumsfond viser dermed eit samla overskot på 162,8 mrd. kroner for 2000. Ved utgangen av 2000 var kapitalen i fondet 386,6 mrd. kroner.

Samla sett vert statsrekneskapen og Statens petroleumsfond gjort opp med eit overskot på 164,4 mrd. kroner.

Denne meldinga omfattar statsrekneskapen medrekna folketrygda, rekneskapen for Svalbard, statsgarantiar, tilsegns- og tingingsfullmakter, oppgåve over aksjar og informasjon om rekneskapa for dei offentlege fonda.

I meldinga vert det gjort greie for løyvingane på statsbudsjettet og rekneskapsførde tal. Det vert òg lagt vekt på å forklare årsakene til avvik mellom budsjett og rekneskap. Avvik mellom hovudtala i budsjett og rekneskap vert nærare kommentert i avsnitt 1.4. I kapittel 2 vert det gjeve ei oversikt over inntektene og utgiftene. I kapittel 3 er det gjeve nærare omtale av særskilde satsingsområde i 2000-budsjettet. I kapittel 4 er det gjort greie for utgiftene under folketrygda, medan finanspostar og kapitalrekneskapen er tema for kapittel 5. I kapittel 6 vert det gjort greie for rekneskapen til Statens petroleumsfond.

Tabell 1.1 Inntekter og utgifter utanom lånetransaksjonar på statsbudsjettet og Statens petroleumsfond (Tal i mill. kroner)

	1999	2000	Pst. vekst
<b>1. Statsbudsjettet</b>			
A Inntekter i alt	499 570	643 649	28,8
A.1 Inntekter frå petroleumsverksemd	75 589	184 623	144,2
A.2 Inntekter utan petroleumsinntekter	423 981	459 026	8,3
B Utgifter i alt	467 009	490 219	5,0
B.1 Utgifter til petroleumsverksemd	30 962	23 250	-24,9
B.2 Utgifter utan petroleumsverksemd	436 047	466 969	7,1
<i>Statsbudsjettets oljekorrigerte overskot (A.2-B.2)</i>	<i>-12 066</i>	<i>-7 943</i>	<i>-34,2</i>
+ Overført frå Statens petroleumsfond	18 494	9 468	-48,8
= <i>Statsbudsjettets overskot før lånetransaksjonar</i>	<i>6 428</i>	<i>1 525</i>	-
<b>2. Statens petroleumsfond</b>			
Statsbudsjettets netto kontantstraum frå petroleumsverksemda (A.1-B.1) vert overført til Statens petroleumsfond	44 627	161 373	261,6
- Overført til statsbudsjettet	18 494	9 468	-48,8
+ Renteinntekter og utbyte i fondet	7 296	10 920	49,7
= <i>Overskot i Statens petroleumsfond</i>	<i>33 429</i>	<i>162 825</i>	<i>312,3</i>
<b>3. Statsbudsjettet og Statens petroleumsfond samla</b>			
<i>Overskot</i>	<i>39 857</i>	<i>164 350</i>	<i>312,3</i>

Tabell 1.2 Lånetransaksjonar og finansieringsbehov (Tal i mill. kroner)

	1999	2000	Pst. vekst
Utlån, aksjeteikning mv.	67 162	52 954	-21,2
- Tilbakebetalingar	54 848	51 024	-7,0
- Statsbudsjettets overskot	6 428	1 525	-76,3
= <i>Netto finansieringsbehov</i>	<i>5 886</i>	<i>405</i>	<i>-93,1</i>
+ Gjeldsavdrag	23 821	3 761	-84,2
= <i>Statsbudsjettets brutto finansieringsbehov</i>	<i>29 707</i>	<i>4 166</i>	<i>-86,0</i>

## 1.2 Budsjettpolitikken

Budsjettpolitikken skal medverka til ei stabil utvikling i produksjon og sysselsetting. Samstundes må den vere opprettholdbar på lang sikt.

Ein viser elles til at budsjettutviklinga gjennom 2000 er omtalt i St. prp. nr. 61 (1999-2000) Omprioriteringer og tilleggsbevilgninger på statsbudsjettet, St. meld. nr. 2 (1999-2000) Revidert nasjonalbudsjett 2000, St. prp. nr. 1 (2000-2001) Statsbudsjettet medregnet folketrygden, St. meld. nr. 1 (2000-2001) Nasjonalbudsjettet 2001 og St. prp. nr. 32

(2000-2001) Ny saldering av statsbudsjettet medregnet folketrygden 2000.

Samla overskot i statsbudsjettet og Statens petroleumsfond auka med 124,5 mrd. kroner frå 1999 til 2000. Statsbudsjettet sitt overskot er redusert med 4,9 mrd. kroner. Statens petroleumsfond sitt overskot auka med 129,4 mrd. kroner. Netto kontantstraum frå petroleumsverksemda auka med 116,7 mrd. kroner. Overføringar frå Statens petroleumsfond til statsbudsjettet vart redusert med 9,0 mrd. kroner. Statens petroleumsfond sine renteinntekter og utbyte auka med 3,6 mrd. kroner.

Tabell 1.3 Inntekter og utgifter utanom lånetransaksjonar på statsbudsjettet og Statens petroleumsfond 2000

(Tal i mill. kroner)

	Saldert budsjett	Nysaldert budsjett	Anslag på rek- neskap etter nysaldering	Rekneskap 2000
<i>1. Statsbudsjettet</i>				
A Inntekter i alt	544 787	641 146	641 146	643 649
A.1 Inntekter frå petroleumsverksemd	105 550	184 389	184 389	184 623
A.2 Inntekter utan petroleumsinntekter	439 237	456 757	456 757	459 026
B Utgifter i alt	472 949	490 566	489 556	490 219
B.1 Utgifter til petroleumsverksemd	20 430	23 326	23 326	23 250
B.2 Utgifter utan petroleumsverksemd	452 519	467 240	466 230	466 969
<i>Statsbudsjettets oljekorrigerte overskot (A.2-B.2)</i>	-13 282	-10 483	-9 473	-7 943
+ Overført frå Statens petroleumsfond	13 282	9 468	9 468	9 468
= <i>Statsbudsjettets overskot før lånetransaksjonar</i>	0	-1 015	-5	1 525
<i>2. Statens petroleumsfond</i>				
Statsbudsjettets netto kontantstraum frå petroleumsverksemd (A.1-B.1) vert overført til Statens petroleumsfond	85 120	161 063	161 063	161 373
- Overført til statsbudsjettet	13 282	9 468	9 468	9 468
+ Renteinntekter og utbytte i fondet	7 400	11 000	11 000	10 920
= <i>Overskot i Statens petroleumsfond</i>	79 238	162 595	162 595	162 825
<i>3. Statsbudsjettet og Statens petroleumsfond samla</i>				
<i>Overskot</i>	79 238	162 595	162 595	164 350

Tabell 1.4 Lånetransaksjonar og finansieringsbehov 2000 (Tal i mill. kroner)

	Saldert budsjett	Nysaldert budsjett	Anslag på rek- neskap etter nysaldering	Rekneskap 2000
Utlån, aksjeteikning mv.	55 599	53 074	53 074	52 954
- Tilbakebetalingar	48 415	51 305	51 305	51 024
- Statsbudsjettets overskot	0	-1 015	-5	1 525
= <i>Netto finansieringsbehov</i>	7 184	2 784	1 774	405
+ Gjeldsavdrag	2 757	2 412	2 412	3 761
= <i>Statsbudsjettets brutto finansieringsbehov</i>	9 942	5 196	4 187	4 166

### 1.3 Endring i løyvingane fram til nysaldert budsjett

Tabell 1.3 gjev eit samla oversyn over inntektene, utgiftene og overskotet på statsbudsjettet, statsrekneskapen og Statens petroleumsfond for 2000, medan tabell 1.4 viser utviklinga i finansieringsbehov til statskassa.

I 2000 har inntektsløyvingane utan lånetransaksjonar auka med 96,4 mrd. kroner frå 544,8 mrd. kroner i saldert budsjett til 641,1 mrd. kroner i nysaldert budsjett. Utgiftsløyvingane utan lånetransaksjonar vart auka med 16,6 mrd. kroner frå 472,9 mrd. i saldert budsjett til 489,6 mrd. kroner ved nysaldering av budsjettet.

Nysaldert budsjett viste eit oljekorrigert

underskot som er 2,8 mrd. kroner lågare enn i det opprinnelege vedteke budsjettet. I 2000 auka inntektene samla sett med 17,5 mrd. kroner utanom inntekter frå petroleumsverksemda og lån. Av dette er 17,2 mrd. kroner auka skatte- og avgiftsinntekter. Utsetting av salet av aksjer i DnB til 2001 gav reduserte inntekter på 3,2 mrd. kroner, medan renteinntektene og utbyte auka sidan saldert budsjett med 2,4 mrd. kroner. Resterande inntekter har auka netto med 1,1 mrd. kroner. Nysaldert budsjett viste auka løyvingar med netto 14,7 mrd. kroner (ekskl. utgifter til petroleumsverksemda og låne-transaksjonar) frå saldert budsjett. 6,7 mrd. kroner av dei auka utgiftene kjem av ei gjeldssanering for NSB Gardemobanen AS.

Oljeinntektene gjekk opp med 78,8 mrd. kroner og oljeutgiftene auka med 2,9 mrd. kroner, slik at netto inntekter frå oljeverksemda vart 75,9 mrd. kroner høgare enn i saldert budsjett. Overføringar frå Statens petroleumsfond til statsbudsjettet vart redusert med 3,8 mill. kroner. Anslaget for renteinntekter og utbyte i Statens petroleumsfond vart auka med 3,6 mrd. kroner. Samla sett innebar dette ei betring i budsjettbalansen på 83,4 mrd. kroner.

I 2000 vart det løyvd midlar til kjøp av pasientbehandling i utlandet og til bygging av forskingsfartøy. Utgiftene vart forventa først brukt seinare år. Dette vart det teke omsyn til i anslag på rekneskap i nysaldert budsjett. Anslag på rekneskap frå nysaldert budsjett hadde derfor 1 mrd. kroner lågare utgifter enn nysaldert budsjett. I løyvinga for overføring frå Statens petroleumsfond til statsbudsjettet ved nysalderinga av statsbudsjettet vart det teke omsyn til denne mindreutgifta ved at overføringa frå fondet til statsbudsjettet vart redusert med 1 mrd. kroner. Nysaldert budsjett vart derfor gjort opp med eit underskot på 1 mrd. kroner.

Ei samla oversikt over løyvingsendringane gjennom 2000 er gjeve i St. prp. nr. 32 (2000-2001) Ny saldering av statsbudsjettet medregnet folketrygda 2000.

#### 1.4 Hovudtala i statsrekneskapen for 2000 samanlikna med anslag på rekneskap ved nysalderinga av budsjettet

I statsrekneskapen for 2000 er oljekorrigert underskot 1,5 mrd. kroner lågare enn lagt til grunn ved nysalderinga. Tilbakeføringa frå Statens petroleumsfond til statskassa vart endeleg fastlagd i nysaldert budsjett for å dekkje det oljekorrigerte underskotet som då vart rekna med. På denne bakgrunnen vart statsrekneskapen for 2000 gjort opp med eit

overskot på 1,5 mrd. kroner som utgjer avviket i det oljekorrigerte underskotet mellom anslag på rekneskap i nysalderinga og rekneskapen.

På inntektssida er skatte- og avgiftsinntektene redusert med 0,8 mrd. kroner. Netto renter og aksjeutbyte er redusert med 0,1 mrd. kroner. I tillegg syner rekneskapen meirinntekter på 1,5 mrd. kroner utanom petroleumsinntekter, skattar, renter og aksjeutbyte. Ein har då tatt omsyn til at føringstekniske forhold i rekneskapen gjev meirinntekter på 1,6 mrd. kroner samanlikna med budsjettet. Mellom anna gjeld dette refusjonar av utgifter til arbeidsmarknadstiltak, fødselspengar, lærlingar og sjukepengar til statlege verksemd som ikkje er inkluderte i løyvingane i budsjettet. I tillegg vert det overført midlar frå dei enkelte fagdepartementa til fylkesmannsembeta. Desse meirinntektene motsvarast av tilsvarende auka utgifter. Utgiftene utanom petroleumsutgifter og renteutgifter vart redusert med 0,9 mrd. kroner når ein held utanom utgiftene som vert dekt av refusjonar til etatane. Dei lågare utgiftene må sjåast på bakgrunn av høgare overførte løyvingar til 2001 i forhold til overførte løyvingar frå 1999. Rekneskapen for 2000 syner eit lånebehov på 4,2 mrd. kroner.

##### 1.4.1 Auka inntekter

Inntektene utanom låne-transaksjonar og petroleumsinntekter viser samla meirinntekter på 2,3 mrd. kroner i forhold til nysaldert budsjett. Hovudkomponentane er (Tal i mill. kroner):

Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg	-849
Renter og aksjeutbyte	-123
Avskrivningar og andre inntekter frå forretningsdrifta	170
Departementa sine inntekter	1 450
Føringstekniske høve som gjev meirinntekter	1 621
<b>Samla meirinntekt</b>	<b>2 268</b>

Inntektene under departementa inkludert meirinntekter som skuldast føringstekniske høve vart samla sett 3,1 mrd. kroner høgare enn budsjettet i nysaldert budsjett. Rekneskapen vil normalt gje ei meirinntekt for departementa. Mellom anna gjeld dette refusjonar av utgifter til arbeidsmarknadstiltak, fødselspengar, lærlingar og sjukepengar som ikkje er inkluderte i løyvingane i budsjettet. I tillegg vert det overført midlar frå dei enkelte fagdepartementa til fylkesmannsembeta. Slike meirinntekter utgjer samla om lag 1,6 mrd. kroner for 2000. Dei samla meirinntektene på 1,6 mrd. kroner



vert motsvart av tilsvarende meirutgifter og inneber dermed ikkje ei styrking av budsjettbalansen. Den resterande auken i inntekter er på 1,4 mrd. kroner. Mellom anna vart inntektene under Jernbaneverket, SND og politi- og lennsmannsetaten høgare enn budsjettert. Nokre departement har òg høve til å utføre oppdragsverksemd mot refusjon av utgiftene. Elles omfattar meirinntektene under departementa ei rekke gebyr, refusjonar, sals- og leigeinntekter mm.

#### 1.4.2 Auka utgifter

Når ein ser bort frå rekneskapstekniske forhold, viser rekneskapet 0,9 mrd. kroner lågare utgifter enn lagt til grunn ved nysaldert budsjett. Fleire forhold medverkar til høgare utgifter enn budsjettert. Føring av refusjonar for utgifter til sjukepengar, arbeidsmarknadstiltak og fødselspengar i statlege verksssemd gjev både høgare inntekter og utgifter i rekneskapa enn i budsjetta. Ikkje-budsjetterte overføringar frå departementa til fylkesmannsembeta medverkar òg til ei auke av både inntekter og utgifter i statsbudsjettet. Desse meirinntekter og meirutgiftene er på 1,6 mrd. kroner. Formelt viser dermed rekneskapen meirutgifter i forhold til anslag på rekneskap i nysaldert budsjett for 2000 på netto 0,6 mill. kroner når ein held lånetransaksjonar og statleg petroleumsværksemd utanom.

Oppgangen i overført beløp når ein held lånetransaksjonar og statleg petroleumsværksemd utanom, var samla sett på 1,6 mrd. kroner, som var 0,6 mrd. kroner høgare enn lagt til grunn ved nysaldert budsjett. Av auka i det overførte beløpet på 1,6 mrd. kroner utgjorde 1,0 mrd. kroner kjøp av pasientbehandling i utlandet og 0,3 mrd. kroner tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimsplassar.

Dei siste fem åra har overføring av unytta løyvingar (inkl. lånetransaksjonar) vore (Tal i mill. kroner):

	Overført løyving	Auke/Nedgang (-)
1996-1997	11 454	-306
1997-1998	9 810	-1 643
1998-1999	7 334	-2 477
1999-2000	7 051	-283
2000-2001	8 685	1 634

Rekneskapen syner ein reell mindreutgift på 0,2 mrd. kroner når ein tek omsyn til høgare overførte løyvingar frå 2000 til 2001. Eit reelt mindreforbruk under enkelte kapittel medverkar til lågare utgifts-

nivå i 2000. Det gjeld mellom anna utgiftene til drifttilskot til barnehagar som vart 0,3 mrd. kroner lågare enn budsjettert, pristilskot i jordbruksavtalen som vart 0,2 mrd. kroner lågare enn budsjettert og 0,3 mrd. kroner lågare utgifter til sjukepengar enn budsjettert. Driftsutgiftene under politi- og lennsmannsetaten, utgiftene til kontantstøtte og utgiftene under Jernbaneverket vart isolert sett høgare enn budsjettert.

#### 1.4.3 Redusert finansieringsbehov

Rekneskapen for 2000 viser at brutto finansieringsbehovet vart redusert med til saman 21 mill. kroner i høve til anslag på rekneskap i det nysalderte budsjettet.

Utgiftene til utlån vart 120 mill. kroner mindre enn rekna med ved nysalderinga. Endringa i lånetransaksjonar er samansett slik (mill. kroner):

Etablering av Statens utleiebygg AS	549,0
Den Norske Stats Husbank	-1552,0
Statens nærings- og distriktsutviklingsfond	210,0
Garantiinstituttet for eksportkreditt	492,5
Andre utlån	180,6
<i>Samla auke i utlåna</i>	<i>-119,8</i>

I 2000 vart inntektene frå tilbakebetalingar 281 mill. kroner lågare enn budsjettert. Dette kjem av endra tilbakebetalingar frå:

Statens lånekasse for utdanning	-136,8
Statens nærings- og distriktsutviklingsfond	207,8
Oslo Lufthavn AS	-225,0
Andre låntakarar	-154,1
<i>Samla reduksjon i tilbakebetalingane</i>	<i>-280,6</i>

Ved at netto utlån vart 161 mill. kroner mindre enn budsjettert og at statsbudsjettet viste eit overskot som vart 1 520 mill. kroner høgare enn ved nysaldert budsjett, vart statsbudsjettet sitt netto finansieringsbehov 1 369 mill. kroner mindre enn vurdert til ved nysalderinga av budsjettet.

Auka innbetaling av avdrag på innenlandsk statsgjeld med 1 349 mill. kroner gjorde at brutto finansieringsbehov vart redusert med til saman 21 mill. kroner i høve til anslag på rekneskap i det nysalderte budsjettet.

### 1.5 Statens petroleumsfond

Oljeskattar og utgifter og inntekter av statleg petroleumsverksemd avvik slik frå nysaldert budsjett (Tal i mill. kroner):

Oljeskattar og CO <sub>2</sub> -avgift	178
+Inntekter frå statleg petroleumsverksemd	56
-Utgifter til statleg petroleumsverksemd	-76
<i>=Netto oljeinntekter i alt</i>	<i>310</i>

Netto oljeinntekter er rekneskapsført med 310 mill. kroner meir enn lagt til grunn i nysaldert budsjett, inkl. 200 mill. kroner i auka oljeskattar og CO<sub>2</sub>-avgift. Ved at netto kontantstraum vert overført til Statens petroleumsfond er brutto overføring til fondet auka med same beløp, til 161 373 mill. kroner. Overføringa frå fondet til statskassa er slik det var budsjettert, noko som inneber at netto overføring til Statens petroleumsfond er 310 mill. kroner høgare i rekneskapen enn i det nysalderte budsjettet.

## 2 Utval av inntekter og utgifter

### 2.1 Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg

Statsrekneskapen for 2000 viser at samla skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg utgjorde 406,7 mrd. kroner, som er om lag 16,4 mrd. kroner høgare enn i saldert budsjett for 2000, og knapt 0,9 mrd. kroner lågare enn lagt til grunn i Nysaldert budsjett for 2000.

Tabell 2.1 viser at dei samla skatte- og avgiftsinntektene i statsrekneskapen har auka frå 379,7 mrd. kroner i 1999 til 406,7 mrd. kroner i 2000, ein auke på 27 mrd. kroner eller 7,1 pst. Auken i dei samla skatte- og avgiftsinntektene var høgare enn frå 1998 til 1999 (6,2 pst.), men lågare enn for perioden 1996-99, då skatte- og avgiftsinntektene frå Fastlands-Noreg steig med over 8 pst. i årleg gjennomsnitt.

Skatt på formue og inntekt utgjorde 98,1 mrd. kroner i 2000, ein auke på 10,7 pst. eller 9,5 mrd. kroner frå året før. Auken skuldast i stor grad utviklinga i dei statlege etterskotsskattane frå foretak, som steig med om lag 23 pst. til vel 31 mrd. kroner.

Skatt og avgifter til folketrygda, trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift, utgjorde 122,0 mrd. kroner i 2000, og svarar til ein auke på 5,5 pst. frå året før.

Inntektene frå meirverdi- og investeringsavgifta utgjør ei av dei viktigaste inntektskjeldene til staten og steig med 6,7 pst. til 121,7 mrd. kroner i 2000.

Andre særavgifter og tollinntekter utgjorde til saman 64,8 mrd. kroner i 2000, som svarar til ein auke på 5,6 pst. frå 1999.

### 2.2 Skattar og avgifter frå petroleumsverksemda

Dei samla innbetalte skattane og avgiftene frå petroleumsverksemda i 2000, utanom CO<sub>2</sub> avgifta, vart i nysalderingsproposisjonen rekna til 58 231 mill. kroner. Det tilsvarande rekneskapstalet for 2000 er 58 407 mill. kroner. Rekneskapstala for betalte direkte skattar vart om lag 251 mill. kroner høgare enn forventa i nysalderingsproposisjonen, medan betalt produksjonsavgift vart om lag 87 mill. kroner lågare enn forventa. Betalt arealavgift vart om lag 12 mill. kroner høgare enn forventa. Avviket for arealavgifta skuldast at eit selskap i 2000 betalte avgift med forfall i 2001. Tala i nysalderingsproposisjonen var utarbeidd på grunnlag av innbetalingane dei ni første månadene av 2000 og forventa innbetalingar dei tre siste månadene.

Inntektene frå avgift på utslepp av CO<sub>2</sub> i petroleumsverksemda var i nysalderingsproposisjonen rekna til 3 045 mill. kroner. Rekneskapstalet for 2000 er 3 047 mill. kroner.

### 2.3 Inntekter frå Statens direkte deltaking i petroleumsverksemda

Inntektene frå Statens direkte deltaking i petroleumsverksemda er i det alt vesentlege driftsinntekter med frådrag for driftsutgifter, og vart i nysalderingsproposisjonen rekna til 121 410 mill. kroner. Det tilsvarande rekneskapstalet for 2000 er 121 467 mill. kroner.

### 2.4 Totaloversikt over utgiftene

Sjå tabell 2.2.

Tabell 2.1 Statens inntekter 1996 – 2000 (Tal i mill. kroner)

	Rekneskap				Saldert Nysald. Rekneskap budsjett budsjett (Blå bok)		2000
	1996	1997	1998	1999	2000	2000	
Skattar på formue og inntekt <sup>1)</sup>	48 741	66 777	81 158	88 667	92 961	98 700	98 144
Arbeidsgjevaravgift og trygdeavgift	91 531	98 192	107 297	115 603	117 527	120 900	122 006
Tollinntekter	2 455	2 437	2 589	2 409	1 817	2 217	2 029
Meirverdiavgift og avgift på investeringar	94 691	102 902	110 615	114 076	115 100	122 000	121 710
Avgifter på alkohol	6 888	7 405	7 687	8 635	8 521	8 521	8 711
Avgifter på tobakk	5 430	5 988	6 558	6 644	7 380	7 200	6 914
Avgifter på motorvogner	26 972	29 350	30 963	28 914	29 148	30 395	30 513
Andre avgifter	11 109	11 934	10 538	14 760	17 818	17 582	16 638
Sum skattar og avgifter	287 817	324 985	357 405	379 709	390 272	407 515	406 666
Renter av statens forretningsdrift	520	170	171	203	141	137	91
Avskrivningar, avsetningar til investeringsformål og inntekter av statens forretningsdrift	3 349	2 689	3 337	5 166	3 969	3 380	3 550
Sum inntekter av statens forretningsdrift	3 869	2 859	3 508	5 370	4 110	3 517	3 641
Renter frå statsbankane	13 164	9 419	7 946	10 771	9 110	10 556	10 258
Renter av statskassa sin kontantbeholdning og andre krav	6 978	5 683	4 118	3 176	3 367	4 192	4 369
Utbyte ekskl. Statoil	2 924	4 197	3 303	3 986	3 459	3 570	3 603
Renteinntekter og utbyte ekskl. statens forretningsdrift og Statoil	23 066	19 299	15 367	17 933	15 936	18 318	18 230
Inntekter under departementa	18 830	18 011	18 205	17 567	15 034	16 540	19 623
Overføring frå Noregs Bank	7 239	4 236	3 811	3 401	10 685	10 685	10 685
Tilbakeføring av midlar frå Statens banksikringsfond	4 216	975	382	140	3 200	182	182
Sum andre inntekter	30 285	23 222	22 398	21 108	28 919	27 407	30 490
Sum inntekter ekskl. oljeskattar, petroleumsverksemd og tilbakebetalningar	345 037	370 365	398 678	424 120	439 234	456 757	459 027
Inntekter frå statleg petroleumsverksemd	26 182	23 326	42 109	56 718	68 200	121 410	121 466
Skatt og avgift på utvinning av petroleum	33 078	44 898	27 600	18 736	35 100	61 277	61 455
Aksjeutbyte frå Statoil	1 850	1 600	2 940	135	2 250	1 702	1 702
Sum petroleumsinntekter	61 110	69 824	72 649	75 589	105 550	184 389	184 623
Tilbakebetalningar	54 789	46 131	43 119	54 709	48 415	51 305	51 023
Overføring frå Statens petroleumsfond	25 673	22 789	17 059	18 494	13 285	9 468	9 468
Sum inntekter	486 609	509 109	531 505	572 911	606 484	701 919	704 141

<sup>1)</sup> Overføring frå Skattefordelingsfondet til statsbudsjettet er inkludert i tala fram til 1996. Frå 1997 er fellesskatt inkludert.

Tabell 2.2 Samla utgifter etter departement 1996-2000 (Tal i mill. kroner)

Departement	Rekneskap				Saldert budsjett	Nysald.	Rekneskap
	1996	1997	1998	1999	(Blå bok) 2000	budsjett 2000	
Det kongelige hus og Slottsforvaltninga	58	60	79	80	151	153	129
Regjering m.m.	88	108	109	118	116	141	143
Stortinget og underliggjande institusjonar	595	670	701	806	784	789	759
Høgsterett	48	42	44	45	45	45	47
Utanriksdepartementet	11 404	11 545	12 778	12 723	13 156	13 021	13 367
Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet	19 934	22 366	22 753	27 455	25 102	26 568	26 913
Kulturdepartementet	3 984	3 027	3 248	3 518	3 520	3 514	3 574
Justis- og politidepartementet	8 956	9 310	9 793	10 724	10 736	10 983	11 381
Kommunal- og regionaldepartementet	44 684	58 551	53 543	57 110	60 802	63 370	63 459
Sosial- og helsedepartementet	16 826	19 229	24 651	27 941	28 917	29 304	29 877
Barne- og familiedepartementet	17 365	17 825	18 714	20 288	20 800	20 929	20 779
Nærings- og handelsdepartementet	8 095	5 010	5 468	3 963	4 032	4 715	4 541
Fiskeridepartementet	1 745	1 871	1 948	2 031	2 057	2 072	2 208
Landbruksdepartementet	16 623	13 781	14 217	14 419	14 978	16 299	16 487
Samferdsledepartementet	32 996	21 919	24 341	17 951	17 504	24 674	24 764
Miljøverndepartementet	3 449	2 817	2 511	2 657	2 602	2 634	2 654
Arbeids- og administrasjondep.	7 469	7 199	16 114	20 503	20 310	20 628	21 082
Finansdepartementet	70 393	49 304	69 116	44 955	23 183	23 903	25 217
Forsvarsdepartementet	24 094	25 443	25 536	26 138	25 349	26 050	25 818
Olje- og energidepartementet		1 584	1 200	5 616	1 247	1 214	1 157
Ymse utgifter	62	29	20	24	3 915	50	25
Statsbankane	43 350	52 457	53 796	61 632	59 411	53 207	51 883
Statleg petroleumsverksemd	- 8 776	-16 983	27 609	31 062	20 500	23 376	23 300
Statens forretningsdrift	4 014	2 754	2 638	3 944	2 414	1 594	2 014
Statens petroleumsfond	69 886	86 808	45 041	44 627	85 120	161 063	161 373
Sum statsbudsjettet	395 342	396 726	435 968	440 330	446 517	530 295	532 950
Folketrygda	132 535	139 359	150 848	162 289	169 675	176 820	175 357
Utgifter i alt	527 877	536 085	586 816	602 619	616 426	707 115	708 307

### 3 Omtale av særskilte område

#### 3.1 Internasjonal bistand

Programområde 03 Internasjonal hjelp omfattar offisiell utviklingshjelp, hjelp til Sentral- og Aust-Europa og internasjonale miljøtiltak (Anna hjelp), jf. tabell 3.1.

I 2000 gjekk 556 mill. kroner, tilsvarende 5 pst. av utviklingshjelpa til administrasjon. Vidare utgjorde den bilaterale hjelpa til prioriterte land og regionar (landprogram og regionløyvingar i Afrika, Asia og Mellom-Amerika) 2,2 mrd. kroner (20,5 pst.) av overføringane. 2,1 mrd. kroner (18,5 pst.) gjekk til ulike temaområde som næringsliv, forskning, miljø, kultur, kvinner og frivillige organisasjonar under programkategori 03.20. Under programkategori 03.30 multilateral utviklingshjelp vart det utbetalt 3,1 mrd. kroner (27 pst.), i hovudsak til FN-organisasjonar og internasjonale finansinstitusjonar. Til humanitære tiltak, herunder naudhjelp og flyktningar under programområde 03.40 vart det utbetalt om lag 3,3 mrd. kroner, tilsvarende 29 pst. av den samla utviklingshjelpa. Programkategori 03.50 Anna hjelp er ikkje klassifisert som offisiell utviklingshjelp etter OECD sine kriteriar.

Løyvingane under programområde 03.50 er knytta opp mot tiltak i Sentral- og Aust-Europa (unnateke Balkan som inngår i utviklingshjelpa) og internasjonale miljøtiltak. I 2000 vart det utbetalt

296 mill. kroner, om lag same nivået som i 1999. Under Samarbeidsprogrammet vart det utbetalt om lag 130 mill. kroner, hovuddelen knytta til aktivitetar i Nordvest-Russland og i dei baltiske landa. Viktige innsatsområde var miljøvern, helse, demokratiutvikling, utdanning og forskning, med vekt på kunnskapsoverføring og kompetanseutvikling. Under Handlingsplanen for atomsaker, vart det i 2000 brukt om lag 100 mill. kroner. Ein stor del av midlane gjekk til sikring/nedleggjing av risikable austuropeiske atomkraftverk, herunder sikring av Kola kjernekraftverk, Tsjernobyl-reaktoren, og Ignalina kjernekraftverk i Litauen. Vidare vart det utbetalt om lag 50 mill. kroner i ulike miljøtiltak som miljøfasiliten GEF og andre internasjonale miljøtiltak, herunder Klimafondet.

I 2000 vart det utbetalt 11 160 mill. kroner i offisiell utviklingshjelp, ein nominell auke på 374 mill. kroner (3,5 pst.) året før. Løyvingane i 2000 er i stor grad nytta fullt ut. I tillegg er det nytta overførte beløp frå tidligare år, jf. tabell 3.2. Utbetalinga i 2000 tilsvargar 0,80 pst. av bruttonasjonalinntekta (BNI). Då budsjettet vart lagt fram hausten 1999 vart det budsjettert med 0,89 pst. av BNI til utviklingshjelp for 2000. Grunnen til det store avviket er først og fremst at den faktiske oljeprisen i 2000 viste seg å verta monaleg større enn rekna med, slik at BNI for 2000 viser seg å verte større enn rekna med då budsjettet for 2000 vart lagt fram.

Tabell 3.1 Programområde 3 : Internasjonal hjelp (Tal i 1 000 kr)

Program- kategori	Nemning	Rekneskap 1999	Budsjett 2000	Rekneskap 2000
03.00	Administrasjon av utviklingshjelpa	518 601	556 237	555 598
03.10	Prioriterte land og regionar	2 217 802	2 213 247	2 180 888
03.20	Utvida samarbeid	2 118 898	2 076 399	2 055 868
03.30	Utviklingshjelp via internasjonale organisasjonar	3 012 802	3 101 059	3 100 958
03.40	Naudhjelp, menneskjerettar, fred og demokratibygginging	2 918 425	3 294 644	3 266 917
	<i>Sum utviklingshjelp</i>	<i>10 786 529</i>	<i>11 241 587</i>	<i>11 160 229</i>
03.50	Anna hjelp	305 260	294 340	296 198
	<i>Sum programområde 03</i>	<i>11 091 789</i>	<i>11 535 927</i>	<i>11 456 427</i>



Oversikten i tabell 3.2 viser utbetalingar til utviklingshjelp (nominelle tal) i perioden 1990 - 2000, i pst. av BNI og ubrukt løyving overført neste budsjettermin (i beløp og prosent).

### 3.2 Oppfølging av handlingsplan for eldreomsorga

Ved handsaminga av St. meld. nr. 50 (1996-97) Handlingsplanen for eldreomsorga, vedtok Stortinget ein fireårig handlingsplan for eldreomsorga for perioden 1998-2001. Handlingsplanen har som mål å sette helse- og sosialtenesta i kommunane i stand til å møte det veksande talet på eldre som treng pleie- og omsorgstenester. Dette krev både ein auke i kapasiteten og ei betring av kvalitet og standard på tenestetilbodet. Til saman skulle handlingsplanen gje rom for 24 400 nye plassar/bustader og nye 12 030 årsverk.

I samband med handsaminga av St. meld. nr 34 (1999-2000) Handlingsplan for eldreomsorga etter 2 år, vart handlingsplanen utvida med ytterlegare 5 000 nye sjukeheimplassar og omsorgsbustader, og utbyggjinga skal følgjast opp med personell i tråd med behovsvurderinga i meldinga på 5 500 årsverk.

Resultata etter tre år syner at pleie- og omsorgstenestene er styrka med 9 700 årsverk. Om kommunane sine planar om ein ytterlegare vekst på 2 800 årsverk i 2001 vert realisert, vil resultatet vere i godt samsvar med måltala i handlingsplanen. Dei

Tabell 3.2 Utbetalingane til utviklingshjelp og overførde beløp for perioden 1990 - 2000 (Tal i mill. kroner)

År	Utbetalt	Utbe- talt i pst. av BNI	Overført- neste ter- min	Overført i pst. av disp. bevilg.
1990	7 576 mill.	1,16	421 mill.	6 pst.
1991	7 649 mill.	1,13	249 mill.	3 pst.
1992	7 921 mill.	1,16	158 mill.	2 pst.
1993	7 203 mill.	1,01	503 mill.	7 pst.
1994	8 033 mill.	1,05	479 mill.	6 pst.
1995	7 923 mill.	0,87 <sup>*)</sup>	415 mill.	5 pst.
1996	8 492 mill.	0,85	481 mill.	6 pst.
1997	9 327 mill.	0,87	375 mill.	4 pst.
1998	10 183 mill.	0,93	203 mill.	2 pst.
1999	10 788 mill.	0,92	418 mill.	4 pst.
2000	11 160 mill.	0,80	94 mill.	0,8 pst.

<sup>\*)</sup> Dette året vart utrekningsmåten for BNI lagt om. Dette innebar at utviklingshjelpa målt i prosent av BNI vart lågare enn om tidlegare metode vart nytta.

nye årsverka fordeler seg med 54 pst. på heime-tenester, 36 pst. på institusjon og 11 pst. på andre oppgåver i pleie- og omsorgstenesta.

Samstundes har Husbanken etter tre år, gjeve tilsegn til bygging/utbetring av meir enn 18 000 sjukeheimplassar og omsorgsbustader. Til saman 13 550 einingar er ferdig bygde/utbetra i perioden 1998-2000.

Resultata så langt viser at kommunane i stor grad har følgd opp måla med handlingsplanen.

### 3.3 Oppfølging av psykiatriplanen, kreftplanen og plan for nyinvestering ved sjukehusa

Ved handsaminga av St. prp. nr. 63 (1997-98) Om opptrappingsplan for psykisk helse 1999-2006 – endringer i statsbudsjettet for 1998, vedtok Stortinget ein åtteårig handlingsplan for psykisk helse for perioden 1999-2006. Målet for satsinga er å styrke tilbodet til menneskje med psykiske lidingar. Handlingsplanen skal gje 3 400 nye omsorgsbustader, monaleg større kapasitet i andrelinetenesta og vel 9 000 nye årsverk. Vidare er etterutdanning, informasjon om psykisk helse og styrking av brukarorganisasjonar prioriterte område. Til saman er planen kostnadsrekna til om lag 4,5 mrd. kroner i auka driftsutgifter i løpet av planperioden og om lag 6,3 mrd. kroner i investeringar. I budsjettet for 2000 vart det sett av 408 mill. kroner meir til psykisk helsevern samanlikna med 1999, og av det 17 mill. kroner for å auke fylkeskommunane sine frie inntekter.

Førebelse rapportar frå kommunar og fylkeskommunar viser ei positiv utvikling i 2000. Dei øyremarka midla til drift i kommunesektoren på 254 mill. kroner synest å vere ein viktig stimulans til å styrke og utvikle det psykiske helsefeltet, sjølv om det framleis er ein del variasjonar dei enkelte fylkeskommunane og kommunane i mellom. Det vart gitt ei tilsegnsramme for investeringar på om lag 131 mill. kroner i 2000. Rapportane så langt viser at investeringsprosjekta i kommunesektoren vart igangsett seinare enn rekna med, noko som gjer at ein del av investeringsmidlane vart overført til 2001.

#### Kreftplanen

Nasjonal kreftplan er ein 5-årig handlingsplan som er retta mot dei særskilde flaskehalsane for å betre den spesifikke kreftbehandlinga. Planperioden er for 1999-2003, og er nå inne i sitt andre år. Samla skal det brukast 2 050 mrd. kroner for å oppfylle

den vedtekne kreftplanen. Av desse midlane er 1,7 mrd. kroner direkte statlege tilskot på statsbudsjettet. Fylkeskommunane skal dekke 350 mill. kroner i planperioden til investeringar og bygg der strålemaskinane og bunkerane skal plasserast. (Strålemaskinar og bunkerar dekker staten 100 pst.).

Den nasjonale stråleterapikapasiteten skal byggjast opp til det nivå som er tilrådd av WHO. Dette inneber 36 strålemaskinar i Noreg, dvs. ein auke på 14 nye strålemaskinar i løpet av femårsperioden.

Mammografiscreening skal utvidast til å bli eit landsdekkende tilbod til alle kvinner i alderen 50-69 år. Innan utgangen av 2001 vil 16 fylke vere i gang med mammografiscreening. I tillegg vil ytterlegare 3 nye fylke starte planleggjing, med sikte på å starte opp med screening i 2002. Det ligg an til at alle fylkeskommunane vil vere i gang med screeningundersøkingar innan utgangen av 2002, eit år før målsetinga i kreftplanen.

Det er sett i gang tiltak for å auke utdanningskapasiteten for radiografar og stråleterapeutar. Utdanningskapasiteten for radiografar er så langt auka med 60 plassar. Det er starta opp utdanning av radiografar ved Høgskulen i Gjøvik frå hausten 2000.

Det skal i 5-årsperioden løyvast 100 mill. kroner for å styrke det helsefremjande og førebyggjande arbeidet. Innsatsen er særskilt retta mot områda kosthald, tobakk og mosjon. Det vart i 2000 løyvd 23 mill. kroner til desse områda. For åra 1999, 2000 og 2001 er det sett av 54 mill. kroner til desse tiltaka. Det står då att å løyve 26 mill. kroner for dei to siste åra av handlingsplanen.

Det er i planperioden avsett 100 mill. kroner til kreftforskning i regi av Noregs Forskingsråd og Senter for medisinsk metodevurdering. For 2000 vart det løyvd 14 mill. kroner til kreftforskning. For dei tre fyrste åra av handlingsplanen er det løyvd totalt 47,6 mill. kroner. Det står då att å løyve 52,4 mill. kroner dei to siste åra i handlingsplanen.

*Resultat inneverande år sett i høve til verksemda dei siste 2-4 åra*

Nasjonale kreftplan starta opp i 1999, og 2001 er det tredje året i handlingsplanen. Utbyggjing av stråleterapien er førebels i rute, med i snitt ei utbyggjing på 2-3 maskinar i året. Det ligg an til at hovudtyngda av dei nye maskinane (om lag halvparten) vil setjast i drift heilt i slutten av planperioden. Utbyggjinga av mammografiscreeninga er òg godt

i gjenge, ved at 16 av 19 fylkeskommunar vil vere i gang med drift av screening i løpet av 2001, og dei 3 siste fylka vil vere i gang med planleggjing i 2001.

#### *Plan for utstyrsinvesteringar ved sjukehusa*

Stortinget har vedteke ein 5-årig plan for å betre utstyrssituasjonen i norske sjukehus, jf. St. prp. nr. 61 (1997-98) Om nasjonal kreftplan og plan for utstyrsinvesteringar ved norske sjukehus.

Planen er ei ordning der staten refunderar 60 pst. av dei fylkeskommunale utgiftene til medisinsk teknisk utstyr og IT utstyr i tida 1998 til 2002 innanfor ei maksimal ramme på 2 960 mill. kroner for heile perioden.

Planen har som utgangspunkt at mangel på utstyr og forelda medisinsk teknisk utstyr er ei årsak til dårleg effektivitet og kvalitet i behandlinga av pasientane. Omsynet til kapasiteten og kvaliteten ved sjukehusa ligg til grunn for dette ekstraordinære tilskotet.

I 2000 var det 409 mill. kroner disponibelt for utstyrsinvesteringar. Av dette vart 374 mill. kroner overført frå 1999. I alt 30 mill. kroner vart fordelt til dei statlege sjukehusa, og om lag 376 mill. kroner vart refundert på grunnlag av rekneskap frå fylkeskommunane.

Om lag 2 mill. kroner er overført til 2001. Overføringa skuldast at to av fylkeskommunane ikkje fekk godkjent heile rekneskapen, og dermed ikkje fekk utbetaft heile beløpet som var sett av for gjeldande år.

### **3.4 Behandlingsaktivitet ved sjukehusa gjennom innsatsstyrt finansiering og telemedisin**

Innsatsstyrt finansiering vart innført i 1997 med sikte på å stimulere til auka behandling ved norske sjukehus, og å redusere ventetida for naudsynt behandling. Finansieringsordninga byggjer på DRG-metoden og storleiken på refusjonen er bestemt av kor ressurskrevjande pasientbehandlinga er. Den delen som er avhengig av aktivitet er 50 pst.

Målsetinga for 2000 var å auke pasientbehandlinga med 2 pst. frå 1999 til 2000. Under budsjettbehandlinga i Stortinget vart det reist tvil om det økonomiske grunnlaget for denne målsetinga. Bakgrunnen var informasjon om at sjukehusa og fylkeskommunane ville få store underskot for 1999.

På denne bakgrunn vart det lagt fram ein

stortingsproposisjon om det økonomiske grunnlaget for drifta av sjukehusa for 2000; St. prp. nr. 47 (1999-2000) Om sjukehusøkonomi og budsjett 2000.

Som ein følgje av dette vart det løyvd 938 mill. kroner ekstra i 2000 på kap. 730.60, totalt 11 933 mill. kroner. Av denne auken skulle om lag halvparten (510 mill. kroner) dekke opp for høgare aktivitet i 1999 enn tidlegare forutsett, og ei vidareføring av dette nivået inn i 2000. Statsrekneskapen viser ei samla utbetaling på 11 931 mill. kroner.

Det har vore ein nedgang i talet på pasientar på venteliste. Samstundes har det vore ein svak nedgang i gjennomsnittleg ventetid for behandling. Det har og vore ein monaleg nedgang i talet på garantibrot. Det er rimeleg å tru at delar av denne nedgangen skuldast auken i behandlingsskapasiteten i 2000.

#### *Telemedisin*

Det vart løyva eit tilskot på 24 mill. kroner til Nasjonalt senter for telemedisin og eit tilskot på 5 mill. kroner til Nordnorsk helsenett i Statsbudsjettet for 2000.

Nordnorsk helsenett vart, gjennom vedtak i dei tre fylkeskommunane i Helseregion Nord, organisert som eit interfylkeskommunalt selskap i 2000.

Nettet er kopla opp mellom sjukehus i regionen og ei rekke legekontor. Nordnorsk helsenett er ein infrastruktur som ein til dømes kan tilby telemedisinske tenester i. Nettet er ein viktig føresetnad for at dei telemedisinske verkemidla som Nasjonalt senter for telemedisin utviklar skal kunne nyttast på ein best mogleg måte.

Tilskotet til Nasjonalt senter for telemedisin har vorte nytta til drift. Det har vorte tilsett mange nye arbeidstakarar ved senteret. Ved årsskiftet hadde senteret 92 stillingar. Av desse var 66 heiltidsstillingar. I 2000 hadde senteret ei eigenfinansiering på 11,5 mill. kroner.

Senteret er underlagt RiTØ som ei eiga avdeling. Troms fylkeskommune har oppretta dialog med SIVA med tanke på eit eige lokale for til dømes Nasjonalt senter for telemedisin. Det vert planlagt at dette skal byggjast i nærleiken av sjukehuset og forskingsparken i Tromsø.

I 2000 har det vorte kopla opp ytterlegare 18 legekontor. Samla er nå om lag 30 legekontor tilknytt Nordnorsk helsenett. Tilfanget av felles tenester er utvida sett i forhold til 1999.

Ved Nasjonalt senter for telemedisin har ein i 2000 retta auka fokus mot pleie- og omsorgssekto-

ren, og også mot samhandlinga mellom sjukehusa og primærhelsetenesta.

### **3.5 Satsing på forskning og utdanning**

#### *Grunnskulen*

2000 var fyrste året i ei fireårig satsing som konsentrerte seg om utviklinga av ungdomstrinnet. Løyvinga på kap. 228 Kvalitetsutvikling i grunnskulen utgjorde 259 mill. kroner i 2000 og gjekk mellom anna til følgjande tiltak:

- kompetanseutvikling i bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT)
- permisjons- og hospiteringsordningar for lærarar
- utvikling av lærarrolla ved bruk av andre yrkesgrupper i skulen
- forsøk med ei anna fordeling av timeressursar

Det vart vidare løyvd midlar til kvalitetsutvikling over kap. 249 Andre tiltak i utdanninga til forskning, forsøk og utvikling av IKT som pedagogisk hjelpemiddel i opplæringa. Den samla statlege satsinga på kompetanseutvikling for lærarar vart dermed meir enn dobla.

#### *Vidaregåande opplæring*

Stortinget vedtok å løyve 30 mill. kroner i tilskot til teknisk undervisningsutstyr og tilpassing av lokale i samband med etablering av to nye grunnkurs innanfor vidaregåande opplæring i 2000.

I budsjettet vart det sett av 100 mill. kroner for 2000 til ei utlånsordning for lærebøker i vidaregåande opplæring. Utlånsordninga tok til i skuleåret 2000-2001. Fylkeskommunane fekk 94 mill. kroner og dei private vidaregåande skulane 6 mill. kroner - hovudsakleg til å etablere ei representativ bokstamme av nye og brukte lærebøker.

#### *Kompetansereforma*

##### *Rett til grunnskule og vidaregåande opplæring*

Stortinget har vedteke at vaksne som har behov for det, skal ha rett til grunnskuleopplæring, jf. Ot.prp. nr 44 (1999-2000) og Innst O nr 89 (1999-2000). Retten vil bli sett i kraft frå skuleåret 2002-03. Vidare har Stortinget vedteke ein rett til vidaregåande opplæring for vaksne som er fødte før 1978, og som ikkje har vore omfatta av Reform 94. Retten tok til å gjelde frå skuleåret 2000-01.

I samband med innføringa av retten til vidaregåande opplæring vart det i 2000 sett i gang eit pro-

sjeikt for utvikling av fleksible modellar for undervisning i vidaregåande opplæring. Alle fylkeskommunane er med i prosjektet.

#### *Realkompetanse*

Arbeidet med å utvikle og etablere eit nasjonalt system for dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse i høve til vidaregåande opplæring vart ført vidare med ei løyving på 20 mill. kroner i 2000. Partane i arbeidslivet, fylkeskommunar og offentlege og andre som tilbyr opplæring, tek del i prosjektet.

Stortinget har vedteke endringar i lov om universitet og høgskular som opnar for at søkjarar som er over 25 år og som manglar generell studiekompetanse kan få vurdert realkompetansen sin i høve til opptak til studiar på universitet og høgskular. Det er også opna for at realkompetanse skal kunne gi avkorting av eit studium eller fritak for eksamen eller prøve. Det er den einskilde utdanningsinstitusjonen som fattar vedtak om inntak og avkorting på grunnlag av realkompetanse.

#### *Kompetanseutviklingsprogrammet*

Kompetanseutviklingsprogrammet vart etablert i samband med inntektsoppgjeret i 1999. Det vart løyvd 50 mill. kroner til programmet i 2000. Programmet skal gi støtte til kompetanseutviklande samarbeidsprosjekt mellom dei som brukar og dei som tilbyr etter- og vidareutdanning. Ein ønskjer på denne måten å utvikle marknaden for slik utdanning.

Det kom inn i alt 655 søknader om støtte til programmet i 2000. Av dei vart 177 innvilga. Heile løyvinga er disponert i 2000, men då mange av prosjekta kom i gang seint på året, vert hovuddelen av midlane først utbetalt i 2001. Løyvinga er overførbar. Frå 2000 til 2001 er det overført 43,8 mill. kroner.

#### *Fondet for forskning og nyskaping*

Fondet for forskning og nyskaping vart oppretta 1. juli 1999 med ein fondskapital på 3 mrd. kroner, jf. Innst. S. nr. 236 (1998-99). Kapitalen vart auka med 1 mrd. kroner i samband med revidert nasjonalbudsjett 2000. Regjeringa har som formål med fondet å auke den norske forskingsinnsatsen og medverke til å realisere dei overordna forskingspolitiske prioriteringane. Forskningsfondet skal vere eit supplement til dei ordinære løyvingane til forskning og skal arbeide meir langsiktig enn kva tilfellet er gjennom dei årlege statsbudsjetta. Det

skal også sørge for meir heilskap i forskingspolitikken ved å støtte forskning som grip over fleire sektorar. I tråd med prioriteringane i St. meld. nr. 39 (1998-99) skal fondet medverke til å styrke den langsiktige, grunnleggande forskinga i kunnskapsallmenningen og dei meir langsiktige delane av dei fire breie tematiske satsingane (marin forskning, IKT, medisin og helse og forskning i skjeringsfeltet mellom miljø og energi). Midlane skal mellom anna kunne finansiere særskilde tiltak for å fremje kvalitet. Avkastinga frå fondet skal disponerast av Noregs forskingsråd innanfor overordna rammer gitt av Stortinget og regjeringa.

Forskningsfondet gav i 1999 ei avkasting på 90 millionar kroner, som vart fordelt i 2000. Noregs forskingsråd la i si fordeling vekt på at dei skulle ha ein supplerande funksjon, og at dei skulle nyttast til langsiktig og grunnleggande forskning. Vidare la Forskningsrådet vekt på tiltak for kvalitet og tiltak med ei tverrsektoriell innretting. Forskarrekruttering vart òg tillagt vekt. 75 pst. av fondsmidlane for 2000 vart nytta til langsiktig forskning innanfor dei fire tematiske satsingsområda. 25 pst. vart nytta til anna grunnforskning. Om lag ein tredel av dei totale midlane gjekk til investeringar i nytt vitenskapelig utstyr.

### **3.6 Utviding av barnetrygd og fødsels- og adopsjonspengar for fedre**

#### *Barnetrygd*

Barnetrygda er den viktigaste og største overføringsordninga til barnefamiliane og eit sentralt verkemiddel for å kompensere for meirutgifter knytta til forsørgjaransvar for barn. Barnetrygda verkar omfordelende mellom familiar med og utan barn.

Under handsaminga av statsbudsjettet for 2000 vedtok Stortinget å utvide barnetrygda frå 1. mai 2000, og at tiltaket skulle finansierast ved reduksjon i satsane frå 1. januar 2000. Det vil seie at satsane for alle barn vart noko reduserte slik at barnetrygd kunne ytast til 16- og 17-åringar utan at dei samla utgiftene auka. Stortinget vedtok og å redusere utgiftene til syskentallegget ved å om lag halvere skilnaden mellom andre- og tredjebarnsats. Endringa vart grunngjeven med at aukande satsar for kvart barn ikkje utan vidare er i samsvar med utgiftsprofilen i familiar med fleire barn. Samla førte dette til at satsane frå 1. januar 2000 vart reduserte frå 11 112 kroner til 9 948 kroner for fyrste og andre barn, og frå 13 092 kroner til 10 944 kroner for det tredje og påfølgjande barn.

Under handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2000 vart det vedteke at den øvre aldersgrensa

for barnetrygd skulle senkast med ein måned slik at barnetrygda vert utbetalt til og med månaden før barnet fyller 18 år. Lovendringa vart iverksett frå 1. juli 2000. Løyvinga under kapittel 845 Barnetrygd vart redusert med 25 mill. kroner i revidert budsjett som følgje av vedtaket.

I saldert budsjett 2000 var løyvinga til barnetrygd 12 474 mill. kroner, medan utgiftene i 2000 var på om lag 12 515 mill. kroner, dvs. meirutgifter på om lag 41 mill. kroner. Dette skuldast høgare utbetaling av ordinær barnetrygd enn opprinneleg lagt til grunn for løyvinga. Løyvinga vart auka med 92 mill. kroner fra 12 449 mill. kroner til 12 541 mill. kroner i samband med nysalderingen, St. prp. nr. 16 (2000-2001). Utgiftene til barnetrygd i 2000 er derfor 26 mill. kroner lågare enn løyvinga i vedteke budsjett 2000.

#### Kap. 845 Barnetrygd (i 1000 kroner)

Post	Nemning	1998	1999	2000
70	Tilskot	13 048 821	12 964 883	12 514 970

#### Fødsels- og adopsjonspengar for fedre

I samband med handsaminga av statsbudsjettet for 2000 vedtok Stortinget, etter forslag frå Regjeringa, å gje fedre rett til fødsels- og adopsjonspengar på grunnlag av eiga opptening og eigen stilling når mor etter fødselen går ut i arbeid eller utdanning. Ordninga skulle gjelde frå 1. juli 2000. I Ot. prp. nr. 52 (1999-2000) fremma Regjeringa forslag om

å innføre sjølvstendig oppteningsrett for fødsels- og adopsjonspengar for fedre. Stortinget vedtok at regelendringa skulle gjevast verknad der fødselen eller omsorgsovertakinga ved adopsjon skjer tidlegast frå 1. juli 2000.

Etter regelendringa er det avgjerande kva mor gjer etter fødselen. Det må liggje føre eit reelt omsorgsbehov for at faren sin rett til fødselspen- gar skal kunne utløysast. Far får fødselspen- gar på grunnlag av eiga opptening og eigen stillingsdel dersom mor går ut i arbeid, tek offentleg godkjent utdanning på heiltid, eller tek offentleg godkjent utdanning i kombinasjon med arbeid som samla gjev heiltid. Same rettane har far når mor på grunn av sjukdom eller skade er heilt avhengig av hjelp til å ta seg av barnet eller er innlagt på institusjon og ikkje kan ta seg av barnet.

Dersom mor arbeider deltid etter fødselen, vert utbetalinga til far redusert tilsvarande reduksjonen i mor si arbeidstid. Dersom mor sin stillingsdel til- svarar minst 75 pst. av full arbeidstid, får likevel far fødselspen- gar utrekna i høve til sin eigen stil- lingsdel.

Grunnlaget for opptening av fødsels- og adop- sjonspengar vart samstundes utvida til å omfatte avtening av militær- eller sivilteneste eller obliga- torisk sivilforsvarsteneste.

Innføring av sjølvstendig oppteningsrett til fød- sels- og adopsjonspengar for fedre er rekna til å koste 90 mill. kroner årleg. Ettersom regelendringa vart iverksett frå 1. juli 2000 og fedre vanlegvis tek fødselspermisjon på slutten av stønadsperioden, vart meirutgiftene knytta til nyordninga rekna til 12 mill. kroner for 2000.

## 4 Folketrygda for 2000

### *Sjukepengar*

Dei samla utgiftene til sjukepengar frå folketrygda auka med 15,9 pst. frå 1999 til 2000 (nominelle kroner). For arbeidstakarar m.fl. (postane 70 og 72) var auken på 16,7 pst., medan den for sjølvstendige (post 71) var på 10,8 pst. (nominelle kroner).

I åra frå 1996 til 2000 var den prosentvise auken i talet på sjukepengedagar betalt av folketrygda per sysselsett lønnstakar sterkare for menn enn for kvinner, 43 pst. mot 36 pst. For menn var auken størst i aldersgruppa 40 - 49 år, mens auken for kvinner var størst i aldersgruppa 30 - 39 år og over.

Veksten i sysselsetjinga er ei viktig forklaring på at sjukefråværet i Noreg har auka kvart år sidan 1994. Ein strammare arbeidsmarknad fører mellom anna til at menneskje med høgare sjukdomsrisiko kjem ut i arbeidslivet. Tidlegare analyser har vist at dei som er nye på arbeidsmarknaden i ein konjunkturoppgang, har høgare sjukefråvær enn dei som har vore i arbeid i lengre tid. Men fråvær hjå nykomarane på arbeidsmarknaden kan ikkje åleine forklara den sterke voksteren i fråværet som ein har sett dei seinare åra. Andre analyser viser at fråværet òg aukar monaleg blant arbeidstakarar som har vore lenge i arbeid. Auken i sjukefråværet dei seinare åra kjem difor ikkje berre av at nye grupper med helseproblem har kome inn på arbeidsmarknaden.

Det er grunn til å tru at endringar i andre velferdsordningar på 1990-talet òg har hatt innverknad på sjukefråværet. Dette gjeld mellom anna innstramminga i uførepensjonsordninga i 1991, maksimaltid for rehabiliteringspengar frå 1993 og opptrapping av tiltak innafor yrkesretta attføring. Personar som utan desse tiltaka kanskje ville ha fått uførepensjon, vart på denne tida ført inn i medisinsk rehabilitering eller yrkesretta attføring og vidare ut i arbeid for ei kortare eller lengre tid, før dei kom attende på sjukepengar. Samstundes har det òg vore ein sterk auke i talet på nye uførepensjonistar dei siste åra. Mange av desse har tidlegare vore arbeidstakarar med høgt sjukefråvær, og ein skulle tru at det store talet på nye uførepensjonistar skulle gje færre personar med høgt sjukefråvær i arbeidsstyrken. Men så langt har ein ikkje sett

teikn til denne typen effekt i sjukepengestatistikken.

Det ligg føre eit opplegg for ein ny samla sentral sjukefråværsstatistikk som mellom anna vil gje betre høve til å vurdere effekten av ulike tiltak for å redusere behovet for sjukmeldingar. Rikstrygdeverket planlegg å produsera denne statistikken i 2001.

Talet på personar som brukte opp retten til sjukepengar gjennom eit eller fleire sjukepengetilfelle auka frå vel 24 000 i 1996 til nesten 42 000 i 2000. I dei tre første kvartala i 2000 voks talet på slike personar med om lag 11,5 pst. frå same periode året før. Denne auken er med på å forklare den auka tilgangen på personar på rehabiliteringspengar og uførepensjon.

### *Uførepensjon*

Utgiftene til uføre har auka dei siste åra. Frå 1999 til 2000 gjekk utgiftene opp med 8,2 pst. (nominelt). Dette har samanheng med auke i talet på uførepensjonistar, at berekningsgrunnlaget for utmåling av uførepensjonen har auka og at grunnbeløpet i folketrygda har auka. I 1999 auka talet på uførepensjonistar med 3,6 pst. til 279 570. Tilgangsraten i 2000 var om lag 11,5 per 1000 ikkje-uføre. Dette er ein nedgang for begge kjønn og inneber eit brot med ein aukande trend ein har hatt nesten kvart år i perioden 1993-99. Tilgangsraten i 1999 var 12,8 per 1000 ikkje-uføre.

Auken i talet på uførepensjonistar heng for ein del saman med veksten i sysselsetjinga på 1990-talet og at dei store etterkrigskulla no er kome opp i aldersgrupper der tilgangsrata til uførepensjon relativt sett er høgast. Ei forklaring på at uførepensjoneringa har gått opp samtidig med at sysselsetjinga har vore høg, kan vere at fleire personar med helseproblem har fått plass i arbeidslivet og at dei etter ei tid går over på sjukepengar og til slutt søker uførepensjon. Andelen av dei som har brukt opp sjukepengerettane sine og som har fått uførepensjon har auka dei siste åra. Høgare sysselsetjing blant kvinner kan òg føre til at fleire vert vurderte som yrkesaktive når dei søker om uførepensjon og difor lettare kunne få uførepensjon



enn om dei hadde vore vurderte i høve til arbeid i heimen. Dei her nemnde tilhøva kan delvis forklara den store auken i uførepensjoneringa.

Det er store skilnader mellom fylka i talet på uførepensjonistar. Tilgang til uførepensjon er høgare i kommunar med lågt utdanningsnivå. For menn tyder eit høgt gjennomsnittstal for arbeidsløyse i kommunen også på høg uføretilgang. For kvinner er uføretilgangen høg der det over tid skjer ei nettoutflytting.

Auka innsats i trygdeetaten for å byggje ned restansar og raskare handsaming av uførepensjons-saker førte spesielt i 1997 og 1998 til ein auke i talet på uføre. Det meste av restansane er no borte.

Det er eit mål å unngå varig passivering, både utifrå at landet treng arbeidskraft og utifrå at arbeid har ein eigenverdi for den einskilde. Konkret førte denne målsetjinga til at Stortinget ved handsaminga av Revidert nasjonalt budsjett (RNB) våren 2000 vedtok at det skal iverksetjast reaktivisering av uførepensjonistar, særleg dei under 45 år. Det er for tidleg å rapportere om verknader av dette tiltaket ennå. Einskilde tal kan tyde på at uførepensjonistar i nokon større grad enn tidlegare har arbeid ved sida av uførepensjonen. Heving av inntektsgrensa til 1 G frå 1. mai 1997 kan vere ei årsak til dette. Forebels resultat frå ein analyse frå Senter for næringsforskning tyder på at andelen uførepensjonistar utan lønsinntekt har gått litt ned frå 1995 til 1998.

### Medisinsk rehabilitering

Talet på mottakarar av rehabiliteringspengar auka frå 28 961 ved utgangen av 1999 til 35 361 eit år seinare. Det er ein auke på 16,8 pst. Utgiftene heng nært saman med talet på stønadsmottakarar. Utgiftene på post 70 auka med 18,2 pst. (nominelt) frå 1999 til 2000. Utgiftene i 2000 vart 3 934 mill. kroner. Det har vore ein sterk auke på posten medisinsk rehabilitering dei seinaste åra. Auken dei siste åra har samanheng med veksten i talet på personar som har brukt opp sjukepengereetten sin.

Ein aukande del av tilgangen til rehabilitering kjem direkte frå sjukepengar. I 1995 var delen 56,5 pst., medan den dei første tre kvartal 2000 var 66,1 pst. Ein vedvarande auke i talet på personar som har brukt opp sjukepengereetten sin vil truleg føre til auka press på rehabiliteringsordninga. Det same vil liberaliseringa i høve til at personar kan gå på rehabiliteringspengar utover 52 veker. Dette var eit av dei administrative tiltaka som vart vedteke i samband med handsaminga av RNB våren 2000 for å redusere tilgangen til uførepensjon. Prioritering av reaktivisering av uførepensjonistar vil gje auke

i talet på mottakarar av rehabiliteringspengar i tida framover. Dei vanlegaste diagnosane for mottakarar av rehabiliteringspengar er muskel- og skjelettlidingar og mentale lidningar. Sidan 1993 har ein større del av dei som avslutta perioden med rehabiliteringspengar vorte uførepensjonistar. Denne auken til uførepensjon heng truleg saman med at maksimal stønadstid vart avgrensa til 52 veker frå 1. juli 1993.

### Alderspensjon

Talet på alderspensjonistar ved utgangen av 2000 var 628 890 personar. Det er vel 2300 færre enn på slutten av 1999. Alderspensjonistane utgjer no 14 pst. av folket i Noreg. Talet går ned, fordi det no er dei små førkrigskulla som vert pensjonistar. Utgiftene auka med nær 5 pst. frå 1999 til 2000. Utgiftene aukar sjølv om talet på pensjonistar går ned, fordi folketrygda er under oppbygging, og andelen med alderspensjonistar med rett på tilleggspensjon og gjennomsnittleg tilleggspensjon har auka.

Mange pensjonistar er allereie pensjonerte gjennom avtalefesta pensjon (AFP) før dei tek ut alderspensjon frå folketrygda ved 67 år. Ved utgangen av 2000 var det i alt 31 576 AFP-pensjonistar. Det var ein auke på vel 23 pst. frå året før.

### Einsleg mor eller far

Utgiftene til *overgangsstonad* gjekk ned med 3,3 pst. (nominelt) frå 1999 til 2000. Talet på einslege forsørgjarar med overgangsstonad var ved utgangen av 2000 vel 40 400, om lag 1000 færre enn året før. Nedgangen i talet på stønadsmottakarar har i stor grad samanheng med omleggjinga av stønadsordninga av 1. januar 1998 og regelendringa av 1. juli 1999. Frå 1. januar 1998 vart folketrygdas ordningar for einslege forsørgjarar lagt om med ein overgangsperiode fram til 1. januar 2001. Siktemålet med omleggjinga var å betre økonomien til einslege forsørgjarar med små barn, og å stimulere til auka sjølvforsørgjing etter ein overgangsperiode. Regelendringa av 1.7.1999 inneber at einslege forsørgjarar ikkje lenger får stønad frå folketrygda dersom den einslege forsørgjaren lever i eit sambuarskap som har vart i meir enn 12 av dei siste 18 månadene. Talet på einslege forsørgjarar med overgangsstonad gjekk ned med 13,9 pst. frå 1995 til 2000.

I 2000 var delen "aktive" forsørgjarar 76,0 pst., som var 1 pst. meir enn i 1999. Med aktive einslege forsørgjarar meiner vi dei som er heilt sjølvforsørgjande (berre stønad til barnetilsyn), dei som er delvis sjølvforsørgjande (reduisert overgangs-

stønad pga. forventet inntekt) og dei som er under utdanning (full overgangsstønad og stønad til barnetilsyn).

Auka krav til aktivitet har gitt auka utgifter til utdanningsstønad, og høgare satsar for stønad til barnetilsyn har òg gitt auka kostnader. Utviklinga tilseier no at utgiftene til utdanningsstønad er på veg til å stabilisere seg. Ved utgangen av 2000 var 17,7 pst. av stønadmottakarane under utdanning, om lag det same som i 1999. 59 pst. av dei som mottok overgangsstønad hadde i 2000 redusert stønad, fordi dei hadde arbeidsinntekt over 1 ½ G eller 72 525 kroner.

#### *Helsestønader og hjelpemiddel*

Utgiftene til legemiddel på blå resept under kap. 2751, post 70 auka med 10,4 pst. frå 1999 til 2000. Den sterkaste auken var på legemiddel mot kreft, migrene, psykiske lidningar og hjarte-/karsjukdomar.

Utgiftene til sjukepleieartiklar auka frå 1999 til 2000 med 7,1 pst. Dette er ein langt høgare auke enn for 1998-1999. Det er framleis utgiftene til diabetesutstyr som har den sterkaste auken.

Utgiftene til sjuketransport auka frå 1999 til 2000 med 10,3 pst. Dette er høgare enn for åra før. Det er særleg utgiftene til drosje som auka meir enn for 1999. Dette kan mellom anna henge saman med at maksimalreguleringane for køyring med drosje vart oppheva for ein del fylke og kommuner frå mai 2000.

Posten for hjelpemiddel til betring av funksjons-evne auka sterkt nominelt i 1998 (16,4 pst.). Den sterke auken i 1998 heng saman med endringar i regelverket for skulehjelpemiddel, som førte til at langt fleire datahjelpemiddel vart formidla. I 1999 stabiliserte utgiftene til datautstyr seg. Dette heng saman med at det oppdemte behovet for datautstyr då var dekt. Vidare vart det sett strengare krav til dokumentasjon til lese- og skrivevanskar ved krav om stønad til datautstyr og skulebruk. Frå 1999 til 2000 er auken høgare (11,4 pst.). Utgiftsauken er sterk, men lågare enn venta då utgiftene vart budsjettert. Auken skuldast mellom anna at den teknologiske utviklinga gir hjelpemiddel på fleire område. Dette gir fleire brukarar og auka utgifter per brukar. Forventa auke i talet på personar i dei høgaste aldersgruppene gjer også sitt til at talet på hjelpemiddelbrukarar aukar.

#### *Underhaldsbidrag til barn og ektefelle*

Ved utgangen av 2000 var det registrert 127 400 bidragspliktige som var pålagt å betale bidrag gjen-

nom Trygdeetatens Innkrevingsssentral (TI). Dette er ein auke på 1 400 (1,1 pst.) frå utgangen av 1999. Den samla uteståande bidragsgjelda utgjorde 3 131 mill. kroner ved utgangen av 2000. Inkludert i talet er også saker der bidragspliktige er busette i utlandet (460 mill. kroner) og uteståande i gamle gjeldssaker ved Statens Innkrevingsssentral (SI) (215 mill. kroner). Tilsvarende tal ved utgangen av 1999 var 3 063 mill. kroner, der bidragspliktige busette i utlandet skulda 431 mill. kroner og gamle gjeldssaker ved SI var 238 mill. kroner.

Totalt vart det kravd inn 3 155 mill. kroner i 2000. Dette er ein auke på 168 mill. kroner (5,62 pst.) frå i fjor. I 2000 har påløpet auka med 256 mill. kroner (8,8 pst.) samanlikna med i fjor. Påløp er det bidragsbeløpet som bidragspliktige er pålagt å betale.

Prosentdelen av bidragspliktige som er à jour eller har gjeld under 10 000 kroner, er nesten den same i 2000 som i 1999, om lag 69 pst. (87 500).

Statens forskotering av bidrag utgjorde brutto 1 641 mill. kroner i 2000. I dei tilfella der det fastsette bidraget er mindre enn forskotsbeløpet, skal ikkje differansen krevjast inn. Beløpet skal først som utgift. Denne differansen vert nemnd som "løyvd forskot". Løyvd forskot utgjorde 468 mill. kroner. Det vil seie at forskotsbeløpet som kan krevjast inn for 2000 var 1 173 mill. kroner. Av dette beløpet vart 1 122 mill. kroner dekt av innbetalingane frå dei bidragspliktige.

#### *Vurdering av innanlandsgjelda til innkrevjing ved Trygdeetatens innkrevningsssentral*

Det er første gong ein gjer ei vurdering etter dei kriterier som er nytta no. På sikt vil det føre til ei sikrere analyse av grunnlaget for å krevje inn bidragsgjeld og samstundes vise eventuelle svingingar i forholdstala.

Heimel til å gjere avskrivning av bidragskrav i rekneskapen, vart gitt av Sosial- og helsedepartementet 9. januar 2001. Forskrifta er ikkje brukt for rekneskapsåret 2000. Komande år vil ein halde fram arbeidet med å kategorisere saker etter kriterier som er sett opp i forskrifta.

Totalt uteståande krav innanlands er 2 456 mill. kroner. Basert på noverande kriterium er 1 051 mill. kroner (43 pst.) klassifisert som gode fordringar, 805 mill. kroner (33 pst.) som usikre og 600 mill. kroner (24 pst.) som forventet tap. Ein reknar med at av 600 mill. kroner til forventet tap, kan 431 mill. kroner avskrivast etter ny forskrift av 9. januar 2001.

Fordringar som er klassifisert som forventet tap, er fordringar som ikkje kan krevjast uansett tvangs-

tiltak på grunn av betalingsevna til den bidragspliktige.

#### *Bidragspliktige busette i utlandet*

Det er styresmaktene i kvart enkelt land som krev inn når bidragspliktig bur i utlandet. Trygdeetaten er såleis avhengig av inngåtte avtaler, og av samarbeid frå kvart enkelt land. Totalt uteståande fordringar var 460 mill. kroner. Av dette gjeld 173 mill. kroner bidragspliktige i Norden. Sverige åleine står for 106 mill. kroner.

Av totalt uteståande er 83 mill. kroner (18 pst.) rekna som sikre krav, 44 mill. kroner (10 pst.) som

usikre krav og 333 mill. kroner (72 pst.) som forventata tap. I Norden er forventata tap rekna til 91 mill. kroner (53 pst. av uteståande i Norden).

Frå 1999 til 2000 er gjelda auka med i overkant av 29 mill. kroner. Størst netto gjeldsauke var det i Sverige (26 pst. av auken), Storbritannia (11 pst.), USA (8 pst.) og Danmark (8 pst.).

Det vart til saman innbetalt 46,4 mill. kroner med ein dekningsprosent (innbetalt i prosent av påløpt) på 61,7. I Norden vart det innbetalt 24,4 mill. kroner med ein dekningsprosent på 68,7. I forhold til 1999 er dekningsprosenten totalt gått opp med 2,9 prosentpoeng, medan den for Norden er gått ned med 2,5 prosentpoeng.

## 5 Finanspostar og kapitalrekneskapen

### 5.1 Finansinntekter og finansutgifter

Staten hadde i 2000 renteinntekter på 25,6 mrd. kroner og renteutgifter på 15,4 mrd. kroner. Renteinntektene auka med 11,4 mrd. kroner frå 1999 til 2000. Renteinntektene på statens kontantbeholdning medverka noe til aukinga som følge av at statens innestående i Noregs Bank var høgare i 2000 enn i 1999, samt noko høgare rentesats i 2000. Renteutgiftene har helde seg stabilt på om lag 15 mrd. kroner dei siste to åra.

### 5.2 Statens balansekonto

Sum eignelutar auka med vel 200 mrd. kroner frå 1999 til 2000. Den største endringa fell på spesielle fond og forsikringar som auka med 171 mrd. kroner. Statsgjelda auka med vel 27 mrd. kroner frå 1999 til 2000.

### 5.3 Garantiar

Garantiane hadde ved utgangen av 2000 ei samla ramme på 92,8 mrd. kroner og eit samla ansvar på 61 mrd. kroner.

### 5.4 Offentlege fond under forvaltning av Finansdepartementet

Rekneskapen for 2000 omfatter 16 fond, mot 78 fond i 1999. 56 fond er anten avslutta eller overført til ein annan rekneskapsfører.

Fonda har i 2000 hatt ei samla inntekt på 233,8 mill. kroner og ei samla utgift på 392,3 mill. kroner. Det gjev ein samla nedgang på 158,5 mill. kroner.

Av inntektene er 142,7 mill. kroner konsesjonsavgift og 42,0 mill. kroner medlemspremiar. Ingen av fonda har motteke løyvingar over statsbudsjettet.

Opptente renteinntekter og aksjeutbyte er 48,8 mill. kroner. Dette svarar til 6,3 pst. av samla renteberande fondskapital per 31.12.2000.

Det er i perioden overført 284,8 mill. kroner til statskassa. Ymse tilskot på i alt 104,4 mill. kroner er elles dei største utgiftene til fonda. Av dette utgjer pensjoner frå Fond for pensjonstrygden for fiskere om lag 90 mill. kroner.

Avskrivningar på lån og tap på verdipapir er 0,1 mill. kroner. Dei samla eignelutane til fonda er per 31.12.2000 bokført med 771,2 mill. kroner. Dette er ein nedgang på om lag 4 mrd. kroner frå året før. Av eingelutane står 770,1 mill. kroner som innskot i statskassa.

Tabell 5.1 Renter (Tal i mill. kroner)

	1998	1999	2000
1. Renteinntekter i alt	12 284	14 185	25 625
Renter frå statsbankane	7 907	10 260	9 242
Renter av kapital i statens forretningsverksemd	171	203	91
Renter av innskot og andre krav	3 483	2 590	14 749
Renter av lån til statsforetak	450	463	362
Renter av lån til særlovselskap	217	634	709
Renter av lån til aksjeselskap	7	0	424
Renter frå folketrygda	49	34	46
Andre renteinntekter		1	2
2. Renteutgifter i alt	18 272	15 615	15 424
Av innanlandsk statsgjeld	16 851	15 180	14 980
Av utanlandsk statsgjeld	1 421	435	444
Netto renteinntekter/ renteutgifter	- 5 988	-1 430	10 201

Tabell 5.2 Statens eignalutar og gjeld (Tal i mill. kroner)

Tekst	1999	2000	Endring
<i>Eignalutar</i>			
Bank- og postgirokonti m.m	57 006	85 420	28 414
Spesielle fond og forsikringar	249 175	420 668	171 493
Verdipapir inkl. kapital i statens sjølvstendige bedrifter	59 723	52 972	- 6 751
Utlån og utestående fordringar	189 459	191 414	1 955
Ordinære fond	6 735	8 184	1 449
Forskot	677	936	259
Kapital i statsbankane	3 645	2 973	-672
Fast kapital i statsbedriftene	173 003	175 856	2 853
Mellomrekneskapen med rekneskapsførarar	1 207	-344	- 1554
Valutabyte	- 376	-94	282
Statsobligasjonslån. Overkurs/underkurs	-2 332	176	2 508
Valutakursregulering, statens utanlandsgjeld	- 825	-1 046	-221
	<b>737 097</b>	<b>937 115</b>	<b>200 018</b>
<i>Gjeld</i>			
Statsgjelda	258 828	285 925	27 097
Kontolån frå fond under Finansdepartementets forvaltning	10 142	10 451	309
Verksemder med særskilte fullmakter	1 302	1 298	-4
Deposita og avsettingar	11 907	14 987	3 080
Utfjerda gjeldsbrev for den ikkje betalte luten av grunnfond i statsbankene	806	806	0
Overførte unytta løyvingar	7 050	8 685	1 635
Avslutningskonto	447 062	614 963	167 901
	<b>737 097</b>	<b>937 115</b>	<b>200 018</b>

Tabell 5.3 Statens totale garantiansvar per 31.12.00 (Tal i 1000 kroner)

	Garantiansvar per 31.12.1999	Garantiansvar per 31.12.2000
Utanriksdepartementet	49 015	31 612
Kommunal- og regionaldepartementet	32 232 521	26 334 994
Sosial- og helsedepartementet	358 601	387 801
Nærings- og handelsdepartementet	22 691 788	23 964 198
Landbruksdepartementet	10 200	8 700
Samferdsledepartementet	1 063 853	1 214 486
Miljøverndepartementet	266 923	195 106
Finansdepartementet	9 103 567	8 916 869
Olje- og energidepartementet	4 408	3 068
Sum	<b>65 780 876</b>	<b>61 056 834</b>

## 6 Statens petroleumsfond

Inntektene og utgiftene til Statens petroleumsfond er definerte i lov 22. juni 1990 nr. 36 om Statens petroleumsfond. Inntektene er summen av staten sin netto kontantstrøm frå petroleumsverksemda, som vert overført frå statsbudsjettet, og avkastinga på formuen i fondet. Utgiftene til fondet er ei årleg overføring frå fondet etter vedtak i Stortinget<sup>1</sup>. Med utgangspunkt i innstillinga frå finanskomiteén ved behandlinga av loven om fondet, er det etablert som praksis at overføringa svarar til det oljekorrigerte underskotet på statsbudsjettet. Tabellane 6.1 og 6.2 syner balansen og resultatrekneskapen for Statens petroleumsfond. Rekneskapen for fondet er ikkje ein del av statsrekneskapen, men tala vert presenterte her til orientering.

Rekneskapen for Petroleumsfondet vert ført etter dei same retningslinene som rekneskapen elles i Noregs Bank. Frå 1999 vert rekneskapen ført etter prinsippet om marknadsvardi.

I 2000 hadde Statens petroleumsfond inntekter utanom omvurderingar på til saman 172 292 mill. kroner. Kontantstrømmen frå petroleumsverksemda til staten utgjer den største delen av desse inntektene med 161 373 mill. kroner. Dei bokførte renteinntektene og utbyte frå selskapa i porteføljen mv. utgjorde til saman 10 920 mill. kroner i 2000. Etter vedtak i Nysaldert budsjett 2000 vart det overført 9 468 mill. kroner frå Petroleumsfondet til statsbudsjettet i 2000. Overskotet i fondet vart dermed 162 824 mill. kroner.

Omvurderingane i rekneskapen for Statens petroleumsfond i 2000 utgjorde i alt - 4 978 mill. kroner. Av dette var 1 662 mill. kroner realiserte verdipapirvinstar, og 6 318 mill. kroner var urealiserte tap. Resultatet frå terminhandel i valuta og resultat frå handlar i futures-marknaden utgjorde -322 mill. kroner. Valutakursvinsten er rekna ut til 7 907 mill. kroner. Overskotet i fondet medrekna omvurderingar i 2000 vart dermed totalt 165 753 mill. kroner.

Kontantstrømmen frå petroleumsverksemda fråtrekt overføringa til statsbudsjettet utgjer netto avsetjing til fondet over statsbudsjettet. Denne

netto avsetjinga var 151 905 mill. kroner i 2000. I tråd med omtalen i St. meld. nr. 1 (1997-98) Nasjonalbudsjettet 1998 er overføringane frå statskassa til fondet i utgangspunktet vorte gjort ved utgangen av kvart kvartal. Fondet vart tilført 31 385 mill. kroner ved utgangen av 1. kvartal, 40 000 mill. kroner ved utgangen av 2. kvartal og 45 000 mill. kroner ved utgangen av 3. kvartal. I 4. kvartal vart tidspunktet for overføring sett til 30. november, mellom anna for å unngå høge transaksjonskostnader rundt årsskiftet, jf. omtale i St. prp. nr. 32 (2000-01) Ny saldering av statsbudsjettet for 2000. Overføringa 30. november vart sett til 35 000 mill. kroner, som på det tidspunktet svarte til skilnaden mellom den venta netto avsetjinga til fondet i 2000 og det som var overført tidlegare same året. Overføringa i 1. kvartal inneheld korrigerering av for mykje overført i 1999 på 1 385 mill. kroner. Desse midlane vart difor ført attende til statskassa samstundes med kvartalsoverføringa.

Til saman overførte ein med dette 151 385 mill. kroner brutto og 150 000 mill. kroner netto til fondet over statsbudsjettet 2000, noko som var 519 mill. kroner lågare enn netto avsetjing til Petroleumsfondet etter statsrekneskapen. I kapitalrekneskapen per 31. desember 2000 er denne differansen ført opp som ei mellomrekning mellom fondet og statskassa. I tråd med tidlegare praksis er denne mellomrekninga overført saman med overføringa til fondet for fyrste kvartal 2001.

Når ein korrigerer for mellomrekninga med statskassa, syner rekneskapen at den bokførte verdien av fondet ved utgangen av 2000 var på 386 645 mill. kroner. Dette svarte også til marknadsvardien, jf. at rekneskapen no vert ført til marknadsvardi.

Midlane i Petroleumsfondet vert plasserte i både renteberande verdipapir og eigenkapitalinstrument. Noregs Bank forvaltar Petroleumsfondet etter oppdrag frå Finansdepartementet. Finansdepartementet har i forskrift og i brev til banken definert nærare retningsliner for forvaltninga. I forskrifta om forvaltninga av fondet som tok til å gjelde frå 1. januar 1998, heiter det at Finansdepartementet skal definera ein såkalla referanseportefølje som dannar grunnlaget for risikostyringa. Referanseporteføljen er sett saman slik at han

<sup>1</sup> Overføringa frå fondet til statskassa vert fastsett i samband med Stortinget si behandling av nysaldert budsjett i desember.



skal representera ein nøytral investeringsstrategi innanfor dei retningslinene Finansdepartementet har gitt. Vidare har Finansdepartementet fastsett ei ramme for kor mykje dei faktiske investeringane kan avvike frå referanseporteføljen, målt ved risikomålet relativ volatilitet. Relativ volatilitet er definert som det forventta standardavviket til avkastninga til den såkalla differanseporteføljen som utgjer skilnaden mellom referanseporteføljen og den faktiske porteføljen, jf. nærare omtale i St. meld. nr. 1 (1997-98) Nasjonalbudsjettet 1998. Ramma for relativ volatilitet har vore 1,5 prosentpoeng sidan målet vart innført i 1998. Referanseporteføljen er sett saman av 60 pst. renteberande verdipapir og 40 pst. eigenkapitalinstrument.

Den 9. mars 2001 offentliggjorde Noregs Bank årsrapporten for forvaltninga av Statens Petroleumsfond. Årsrapporten følgjer denne meldinga som uttrykt vedlegg. I dokumentasjonsdelen i den vedlagte årsrapporten for fondet er det gitt ei samla liste over fondet sine eignelutar, delt på aksjar, aksjefutureskontraktar, obligasjonar, obligasjonsfutureskontraktar, bankinnskott, tredjepartsavtaler, valutaterminkontraktar, gjenkjøps- og gjensalsavtaler og andre fordringar. For alle aksjeinvesteringane er det oppgitt namn på selskapet, marknadsverdi av aksjeposten og eigardel i selskapet. For dei andre eignelutane, er det oppgitt namn på utferdaren eller motparten og marknadsverdi av plasseringa. Alle investeringane er fordelte etter land.

Årsrapporten til Noregs Bank for Petroleumsfondet skildrar korleis den særskilde porteføljen av utanlandske verdipapir som svarer til fondet sin konto i banken, er forvalta i 2000. Den bokførte verdien av den særskilde porteføljen var 386 126 mill. kroner ved utgangen av 2000. Avkastninga på dei utanlandske investeringane i fondet vart på 2,5 pst. for heile 2000 når ein måler i utanlandsk valuta i samsvar med valutasamansetjinga til referanseporteføljen. Når ein fordeler avkastninga på aksje- og obligasjonsporteføljene, syner tala at aksjeinvesteringane gav ei avkastning på -5,82 pst. medan avkastninga på obligasjonsinvesteringane utgjorde 8,41 pst. Det at den vekta summen av avkastninga for dei to aktivaklassene ikkje samstemmer med totalavkastninga, kjem av at utrekninga av avkastninga for kvar einskild aktivaklasse, i motsetnad til totalavkastninga, ikkje tek omsyn til at fordelinga mellom aksjar og obligasjonar i nokon grad har endra seg gjennom året. Verdien av den norske krona vart svekt med knapt fire pst. mot valutakorga til Petroleumsfondet i 2000. Dette førte til at fondet sine utanlandske eignelutar vart tilsvarande meir verd målt i norske kroner. Difor steig verdien av fondet

i 2000 med knapt 4 pst. meir når ein måler avkastninga i norske kroner enn i utanlandsk valuta. For heile året var totalavkastninga 6,5 pst. målt i norske kroner. Det er likevel avkastninga i utanlandsk valuta som er mest relevant når ein skal vurdere utviklinga i den internasjonale kjøpekrafta til fondet. Reell avkastning målt i utanlandsk valuta er utrekna til 0,45 pst.<sup>2</sup>

Det var ein viss variasjon i avkastninga mellom kvartala i 2000, særleg for aksjeporteføljen. I 1. og 2. kvartal var totalavkastninga på 2,37 pst. og 0,0 pst. målt i utanlandsk valuta. Aksjeinvesteringane i 1. og 2. kvartal hadde ei avkastning på 2,68 pst. og -1,74 pst. I 3. kvartal var totalavkastninga 0,3 pst. Avkastninga var negativ for aksjeinvesteringane (-1,0 pst.), men positiv for obligasjonsporteføljen (1,25 pst.) i 3. kvartal. Avkastninga til totalporteføljen i 4. kvartal vart -0,17 pst. målt i utanlandsk valuta.

Tala for avkastning er bruttotal på den måten at forvaltingskostnadene ikkje er trekte ifrå. I resultatoppstillinga for fondet i tabell 6.2 er forvaltingskostnadene trekte ifrå. Dei samla kostnadene til forvaltninga vert dekte av avkastninga til fondet i samsvar med forvaltingsavtalen mellom Finansdepartementet og Noregs Bank. For 2000 var honorarsatsane 0,148 pst. av den kapitalen som etter referanseporteføljen kunne plasserast i eigenkapitalinstrument, og 0,046 pst. av den kapitalen som kunne plasserast i renteberande verdipapir. Totalt mottok Noregs Bank 330 mill. kroner som godtgjering i 2000. Ein viser til den vedlagte årsrapporten for fondet for nærare omtale.

Ei viktig oppgåve for Finansdepartementet er å evaluera korleis Noregs Bank forvaltar midlane i fondet. Departementet nyttar det britiske konsultentselskapet Bacon & Woodrow til å utarbeida kvartalsvise rapportar om forvaltninga av fondet. Desse rapportane er offentlege. Årsrapporten frå Bacon & Woodrow er også tilgjengeleg på internettssidene til Finansdepartementet ([www.odin.dep.no/fin](http://www.odin.dep.no/fin)).

Evalueringa til Bacon & Woodrow tek utgangspunkt i referanseporteføljen for fondet. Selskapet analyserer kor stor del av den samla avkastninga til fondet som har samanheng med samansetjinga av referanseporteføljen, og kor mykje som kjem av Noregs Bank si forvaltning. Generelt oppstår skilnaden i avkastning fordi fondet ikkje til ei kvar tid inneheld nøyaktig dei same verdipapira som referanseporteføljen.

Bacon & Woodrow splittar opp og analyserer

<sup>2</sup> I berekninga av realavkastninga har Noregs Bank deflatert med ein vekta sum av konsumprisauken i dei landa som var i fondet sin referanseportefølje i 2000. Den vekta auken i konsumprisane er rekna ut til 1,93 pst.

skilnaden i avkasting mellom den faktiske porteføljen og referanseporteføljen. I årsrapporten for 2000 finn dei at fondet i 2000 hadde ei totalavkasting på 6,53 pst. målt i norske kroner, medan avkastinga til referanseporteføljen var 6,33 pst.

Tala frå Bacon & Woodrow syner at Petroleumsfondet i 2000 hadde ei avkasting som var 0,20 prosentpoeng høgare enn referanseindeksen. Det var meiravkastinga på 0,38 prosentpoeng i 1. kvartal som bidrog mest til den positive differansen til referanseporteføljen for året samla sett.

I dei tre neste kvartala var skilnaden samla sett

for totalporteføljen på 0,08, 0,03 og -0,28 prosentpoeng.

Noregs Bank si forvaltning av Petroleumsfondet vert revidert av revisjonen til Noregs Bank. Han er underlagt representantskapen, som er oppnemnt av Stortinget. Alle viktige rapportar som Noregs Bank sender ut om Petroleumsfondet, er stadfesta av revisjonen til Noregs Bank. Den overordna revisjonen av Petroleumsfondet er lagt til Riksrevisjonen, og Riksrevisjonen byggjer sin revisjon på det arbeidet som vert utført av revisjonen til Noregs Bank.

Tabell 6.1 Balanse for Statens petroleumsfond (Tal i mill. kroner)

Aktiva		Passiva	
Konto i Noregs Bank <sup>1) 2)</sup>	386 126	Eigenkapital	386 645
Mellomrekning med statskassa <sup>3)</sup>	519		
<b>Sum</b>	<b>386 645</b>	<b>Sum</b>	<b>386 645</b>
Innskot i utlandet			34 317
Utanlandske statskassevekslar			367
Utanlandske ihendehavarobligasjonar			240 943
Aksjar i utlandet			150 049
Kortsiktige fordringar, utanlandske aksjar, obl., statskassevekslar			-119
Utlån i utlandet			79 322
Opptente, ikkje forfalne renter			4 848
Opptent dividende inkl. kjeldes katt			148
Terminkontraksreguleringar			150
Innlån utanlandske bankar <sup>4)</sup>			-123 310
Påløpne, ikkje forfalne renter			-259
Diverse gjeld <sup>5)</sup>			-330
<b>Sum</b>			<b>386 126</b>

<sup>4)</sup> Tryggleik for verdipapir som er lånte bort.

<sup>5)</sup> I hovudsak påløpt forvaltingsgodtgjering for Noregs Bank. Talet for den avkastingsavhengige godtgjeringa til eksterne forvaltarar var ikkje endeleg ved avslutting av statsrekneskapen. Skilnaden mellom faktiske kostnader til avkastingsavhengige forvaltarar og kostnader som vart rekneskapsført for 2000 vil bli korrigert ved neste års statsrekneskap.

Renterisikoen for fondet sine plasseringar, målt ved den modifiserte durasjonen, var 5,27 per 31. desember 2000.

Tabell 6.2 Resultatrekneskap for Statens petroleumsfond (Tal i 1 000 kroner)

Kap.	Post	Tekst	1999	2000
		<b>INNTEKTER:</b>		
5507		Skatt og avgift på utvinning av petroleum:		
	71	Ordinær skatt på formue og inntekt	5 540 017	21 921 221
	72	Særskatt på oljeinntekter	6 151 347	32 901 248
	73	Produksjonsavgift	3 221 858	3 463 468
	74	Arealavgift mv	561 284	122 419
		Sum kap 5507	15 474 505	58 408 355
5508	70	Avgift på utslepp av CO <sub>2</sub> i petroleumsverksemd på kontinentalsokkelen	3 261 474	3 046 559
5440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda:		
	24	Driftsresultat *	32 451 859	95 396 056
	30	Avskrivningar	15 343 330	17 006 370
	50	Overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond	517 086	652 574
	80	Renter	8 419 942	8 397 883
	81	Renter av mellomrekneskapen	0	0
	85	Renter på mellomrekneskapen	-19 798	13 007
		Sum kap 5440	56 712 419	121 465 890
5442		Disponering av innretningar på kontinentalsokkelen		
	80	Tilbakeføring av tilskot	5 316	0
5685	80	Utbyte STATOIL	135 000	1 702 000
2440		SDØE		
	22	Fjerningsutgifter	20 001	7 840
	30	Investeringar	30 336 998	22 647 355
	50	Overføring til Statens petroleumsforsikringsfond	586 000	592 000
2442		Disponering av innretningar på norsk kontinentalsokkel:		
	21	Spesielle driftsutgifter	3 494	3 000
	70	Tilskot	15 374	0
		Netto kontantstraum frå petroleumsverksemda:		
		Overført til Statens petroleumsfond frå statsbudsjettet	44 626 847	161 372 610
		Renteinntekter og utbyte m.v. <sup>6)</sup>	7 296 118	10 919 664
		Sum inntekter Statens petroleumsfond	51 922 965	172 292 274
		<b>UTGIFTER:</b>		
		Overført frå Statens petroleumsfond til statsbudsjettet	18 494 000	9 468 000
		Overskot i Statens petroleumsfond	33 428 965	162 824 274

\* Netto overskotsavtaler vert førte under kapitlet for driftsinntekter og -utgifter for Statens direkte økonomiske engasjement (kap. 5440, post 24). I 2000 utgjorde netto overskotsavtaler følgjande (i tusen kroner):

- Inntekter	30 225
- Utgifter	1
- Netto	30 224

6) Dette talet utgjer i 2000 summen av desse postane (Tal tusen kroner):

Renteinntekter	9 719 526
Utbyte	1 552 377
Kurtasje	- 22 221
Forvaltingsgodtgjering	- 330 018
Sum	10 919 664


## Statsrekneskapen medrekna folketrygda for 2000

Tekst	1999	2000
MEMO:		
Overskot	33 428 965	162 824 274
Valutakursvinst	2 630 182	7 907 405
Urealiserte verdipapirvinstar/tap	17 336 929	-6 318 289
Realiserte verdipapirvinstar	2 476 599	1 661 195
Resultat terminhandel valuta	-4 912	-1 741
Resultat futures-kontraktar	398 999	-319 798
= Overskot inkl. omvurderingar	56 266 762	165 753 046
Inngående saldo	164 625 621	220 892 383
Saldo i Statens petroleumsfond per 31.12.	220 892 383	386 645 429

Finansdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Finansdepartementet av 27. april  
2001 om statsrekneskapen medrekna folketrygda  
for 2000 blir send Stortinget.



**Vedlegg 1****Oversikter over statsrekneskapen 2000**

Tabell 1.1 Løyvingsrekneskapen for budsjett-terminen 2000 (Tal i mill. kroner)

UTGIFTER	Overført frå forrige termin	Nysaldert budsjett	Samla løyving	Rekneskap	Overført til neste termin
Det kongelige hus og Slottsforvaltninga.....	16	153	169	129	41
Regjeringa .....	1	141	142	143	1
Stortinget og underliggjande institusjoner .....	19	789	808	759	35
Høgsterett .....	0	45	46	47	0
Utanriksdepartementet.....	460	13 021	13 481	13 367	143
Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet	760	26 568	27 328	26 913	925
Kulturdepartementet .....	41	3 514	3 555	3 574	37
Justisdepartementet.....	224	10 983	11 207	11 381	314
Kommunal- og regionaldepartementet.....	1 137	63 370	64 507	63 459	1 240
Sosial- og helsedepartementet.....	602	29 304	29 906	29 877	303
Barne- og familiedepartementet.....	2	20 929	20 931	20 779	5
Nærings- og handelsdepartementet .....	163	4 715	4 878	4 541	197
Fiskeridepartementet .....	194	2 072	2 266	2 208	145
Landbruksdepartementet.....	531	16 299	16 830	16 487	168
Samferdsleddepartementet .....	641	24 674	25 315	24 764	1 001
Miljøverndepartementet.....	72	2 634	2 706	2 654	83
Arbeids- og administrasjonsdepartementet .....	345	20 628	20 973	21 082	874
Finansdepartementet.....	313	23 903	24 216	25 217	282
Forsvarsdepartementet .....	659	26 050	26 709	25 818	988
Olje- og energidepartementet.....	351	1 214	1 565	1 157	295
Ymse utgifter .....	0	50	50	25	0
Statsbankane.....	124	53 207	53 331	51 883	84
Statleg petroleumsverksemd .....	3	23 376	23 379	23 300	0
Statens forretningsdrift .....	290	1 594	1 884	2 014	360
Folketrygda.....	102	176 820	176 922	175 357	1 163
Statens petroleumsfond.....	0	161 063	161 063	161 373	0
<b>Sum utgifter .....</b>	<b>7 051</b>	<b>707 115</b>	<b>714 166</b>	<b>708 307</b>	<b>8 685</b>

INNTEKTER	Nysaldert budsjett	Rekneskap
Skattar på formue og inntekt.....	98 700	98 144
Arbeidsgjevaravgift og trygdeavgift .....	120 900	122 006
Tollinntekter .....	2 217	2 029
Meirverdiavgift.....	122 000	121 710
Avgift på alkohol .....	8 521	8 711
Avgift på tobakk .....	7 200	6 914
Avgift på motorvogner .....	30 395	30 513
Andre avgifter.....	17 582	16 638
Sum skattar og avgifter .....	407 515	406 666
Renter av statens forretningsdrift.....	137	91
Avskrivningar, avsettingar til investeringsformål og inntekter av statens forretningsdrift i samband med nybygg, anlegg m.v.....	3 380	3 550
Sum inntekter av statens forretningsdrift.....	3 517	3 641
Renter frå statsbankane .....	10 556	10 258
Renter av kontantbeholdning og andre krav.....	4 192	4 369
Utbytte ekskl. Statoil .....	3 569	3 603
Renteinntekter og utbytte (ekskl. statens forretningsdrift og Statoil) .....	18 318	18 230
Inntekter under departementa.....	16 540	19 623
Overføring frå Noregs Bank .....	10 685	10 685
Tilbakeføring av middel fra Statens banksikringsfond .....	182	182
Sum andre inntekter .....	27 407	30 490
Inntekter frå statleg petroleumsverksemd .....	121 410	121 466
Skatt og avgift på utvinning av petroleum .....	61 277	61 455
Aksjeutbytte frå Statoil .....	1 702	1 702
Sum petroleumsinntekter .....	184 389	184 623
Tilbakebetalingar .....	51 304	51 024
Statens petroleumsfond.....	9 468	9 468
Sum inntekter .....	701 919	704 141
Statslånemiddel .....	5 191	28 611
Av kontantbeholdning .....	0	-24 445
Sum andre kapitalmiddel .....	5 191	4 166
Totalsum.....	707 110	708 307

Tabell 1.2 Løyvingar og rekneskap 2000 (Tal i mill. kroner)

UTGIFTER	Løyving			Rekne- skap	Auking overførte løyvingar	Meirutg.(-) Mindreutg.	Fullmakt meirutgift
	Forslag i Gul bok	Vedteke budsjett	Nysaldert budsjett				
Det kgl. hus, Regjering m.v.	1 110	1 096	1 128	1 077	40	11	1
Utanriksdepartementet .....	13 216	13 156	13 021	13 367	-317	-29	21
Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet .....	24 723	25 102	26 568	26 913	166	-511	1
Kulturdepartementet .....	3 554	3 520	3 514	3 574	-4	-56	0
Justisdepartementet .....	10 742	10 736	10 983	11 381	91	-489	11
Kommunal- og regionaldepartementet .....	60 271	60 802	63 370	63 459	104	-193	6
Sosial- og helsedepartementet .....	28 667	28 917	29 304	29 877	-299	-274	4
Barne- og familiedepartementet .....	23 061	20 800	20 928	20 779	3	146	9
Nærings- og handelsdepartementet .....	4 046	4 032	4 715	4 541	33	141	30
Fiskeridepartementet .....	1 947	2 057	2 072	2 208	-49	-87	5
Landbruksdepartementet ...	14 989	14 978	16 299	16 487	-364	175	0
Samferdsledepartementet ...	17 372	17 504	24 674	24 764	360	-450	0
Miljøverndepartementet ....	2 610	2 602	2 634	2 654	11	-31	7
Arbeids- og administrasjonsdepartementet	17 050	20 310	20 628	21 082	530	-984	13
Finansdepartementet .....	23 193	23 183	23 903	25 217	-31	-1 283	32
Forsvarsdepartementet .....	25 530	25 349	26 050	25 818	329	-96	0
Olje- og energidepartementet .....	1 272	1 247	1 214	1 157	-56	113	4
Ymse utgifter .....	5 607	3 915	50	25	0	25	0
Statsbankane .....	59 417	59 411	53 207	51 883	-40	1 364	2
Statleg petroleumsverksemd .....	20 530	20 500	23 376	23 300	-3	79	0
Statens forretningsdrift .....	2 491	2 414	1 594	2 014	71	-491	0
Folketrygda .....	169 909	169 675	176 820	175 357	1 061	402	0
Statens petroleumsfond .....	85 120	85 120	161 063	161 373	0	-310	0
Sum utgifter .....	616 427	616 426	707 115	708 307	1 634	-2 826	146



## Statsrekneskapen medrekna folketrygda for 2000

INNTEKTER	Løyving				Meirinntekt	
	Forslag i Gul bok	Vedteke budsjett	Nysaldert budsjett	Rekneskap	Mindre- inntekt (-)	Fullmakt meirinntekt
Skattar på formue og inntekt.....	95 050	92 961	98 700	98 144	-556	
Arbeidsgjevaravgift og trygdeavgift.....	117 500	117 527	120 900	122 006	1 106	
Tollinntekter .....	1 817	1 817	2 217	2 029	-188	
Meirverdiavgift.....	115 100	115 100	122 000	121 711	-289	
Avgift på alkohol .....	8 521	8 521	8 521	8 711	190	
Avgift på tobakk .....	7 380	7 380	7 200	6 914	-286	
Avgift på motorvogner .....	29 050	29 148	30 395	30 513	118	
Andre avgifter .....	17 820	17 818	17 582	16 638	-944	
Sum skattar og avgifter .....	392 238	390 272	407 515	406 666	-849	
Renter av statens forretningsdrift .....	141	141	137	91	-46	
Avskrivningar, avsettingar til investeringsformåloinnvekteravstatens forretningsdrift i samband med nybygg, anlegg m.v. ....	3 800	3 969	3 380	3 550	170	
Sum inntekter av statens forretningsdrift	3 941	4 110	3 517	3 641	124	
Renter frå statsbankane .....	9 110	9 110	10 556	10 258	-298	
Renter av kontantbeholdning og andre krav .....	3 507	3 367	4 192	4 369	177	
Utbytte ekskl. Statoil .....	3 459	3 459	3 570	3 603	33	
Renteinntekter og utbytte (ekskl. statens forretningsdrift og Statoil) .....	16 076	15 936	18 318	18 230	-88	
Inntekter under departementa.....	15 748	15 034	16 540	19 623	3 083	123
